

Nord-Fron KOMMUNE

# Årsrapport

# iFRON

2020

# Innhald

## ÅRSRAPPORT

4 Årsberetning
15 Politisk verkstemd
16 Kommunedirektør
17 Sektor administrasjon
20 Sektor oppvekst
23 Sektor helse og omsorg
27 Covid-19
28 vedlegg: Økonomiske tabellar og nøkkeltall mm.
34 Politisk organisering
35 Organisasjonskart

Nord-Fron KOMMUNE

**ANSVARLEG UTGJEVAR**
Nord-Fron kommune

**EKSTERN BISTAND**
Design: Krible design as

iFron er Nord-Fron kommune sin årsrapport.
Årsberetninga skal til behandling i kommunestyret.

# Kommunedirektøren si vurdering av 2020

Årsrapporten blir laga primært for kommunestyret sin gjennomgang av året som er avslutta. Kommunedirektøren vurderer rekneskap og aktivitet siste året med utgangspunkt i budsjett, andre politiske dokument og vedtak som er gjort i 2020. Det er intensjonen at kommunestyret skal gjere vedtak knytt til – årsberetning i møte 20.5.21.

Meldinga blir lagt ut på kommunen si heimeside www.nord-fron.kommune.no. Det er mål om at folkevalde, brukarar og innbyggarar (kommunens eigne og eigarar av fritidsbustader) skal sjå omfanget av kommunale tenester og tenester som kommunen bidrar med har i Nord-Fron. Kommunen er den største arbeidsgivaren i Midt-Gudbrandsdal, og omfang og kvalitet på tenester (produsert av kommunen eller av private etter avtale med kommunen) har stor innverknad på lokalsamfunnet.

Kommunedirektøren er ansvarleg for innhaldet, men både sektorsjefar, tenesteleiarar og andre skriv delar av meldinga.

## Planlegging / tilrettelegging

I 2020 har kommunen regulert området Vinstra Park og kommunestyret har lagt føresetnader for på kva måte kommunen skal sikre elva Givra og korleis området skal utviklast. Det vil ta noko tid før innbyggarar seg korleis området kan bli etter at sikringsarbeida blir ferdig. Heile området kan gje grunnlag for ei god sentrumsutvikling. Det er bra at Innlandet fylkeskommune bidrar med infrastrukturtiltak som dei har ansvar for (t.d. bussoppstillingsplass). Etter kvart er det håp om at private investorar ser at området har utviklingspotensiale og vel å satse på å legge til rette for leilegheiter i området.

Det har vore mykje arbeid over fleire år med utbygginga av VA Furusjøen på Kvamsfjellet. Ved utgangen av 2020 ser ein at prosjektet nærmar seg avslutning, og dei fleste som har gjort avtale om å kople seg til offentleg leidningsnett har tatt i bruk VA. Det er viktig å få til ei god avslutning av prosjektet slik at avgrensa personalressursar kan nyttast til andre nye infrastrukturtiltak rundt om i kommunen.

Vi har ikkje kome langt nok med prosessar knytt til revisjon av kommuneplanen (KPL). Det er samtidig gledeleg at fleire private prosjekt (godkjent i siste arealdel til KPL) ser ut til å bli realisert ved at det blir utarbeid private reguleringsplaner for aktuelle områder.

## Kommunal økonomi, tenestetilbod og handlefridom

Rekneskapen for 2020 vart avslutta med eit netto driftsresultat på 39 mill. kr., som tilsvarer 6,2% av sum driftsinntekter. Resultatet er svært godt, ikkje minst samanlikna med tala for 2019. Det er ulike årsaker til det gode resultatet, sjå kap. om økonomi m.m. / «årsberetning». Resultatet er også klart betre enn måltalet som kommunestyret har sagt at vi skal arbeide for å nå. Kommunedirektøren er godt fornøyd med at vi styrker handlefridomen. Samtidig

er det viktig at vi framleis har fokus på god økonomiforvaltning, og at vi ikkje legg opp til aktivitet framover som kan «øydelegge» for forbetringa som vi har fått til siste året.

## Lokalsamfunn og næringsliv

Folketallet pr. 31.12.2020 er på 5.705 (19: 5.723). Det er ein nedgang på 18 frå førre år. Utviklinga er i sum negativ for heile Gudbrandsdalen. Kommunen må halde fram å ha fokus på tiltak som om mogleg kan skape optimisme og utvikling. Det er krevjande, men samtidig er det viktig at kommunen bidrar til at det skapast optimisme og framtidstru. Koranapandemien som kom våren 2020 har så langt skapt mindre negative utslag enn frykta lokalt, men det er avgjerande også for trua på framtida at pandemien om mogleg kan stoppast i løpet av 2021.

## Kompetanse – teknologi – arbeidsmiljø

I 2020 starta vi med endra administrativ organisering. Omlegging til sektororganisering har som intensjon å etablere raskare beslutningsvegar og auka moglegheiter til å omprioritere ressursar innafor dei tre sektorane.

Kommunens arbeidsgivarpolicy er viktig både for å rekruttere og å halde på dyktige medarbeidarar. Det blir nokre utfordringar når vi samtidig skal ha færre administrative ressursar til å drifte og til å utvikle organisasjonen.

Pandemien har hatt ein positiv effekt ved at vi har lagt ned mykje tid og ressursar på å kunne ha digitale møter pga. smittesituasjonen i landet. Her har kommunen fått til mykje på kort tid. Samtidig ser ein at det også kjem nokre utfordringar knytt til periodar med digitale møter og periodar med heimekontor for mange. Tilsette som står i førstelina (t.d. tilsette innafor helse og oppvekst) har gjort ein svært god innsats i ei krevjande tid.

Vi har for høgt sjukefråvær, og det er eit ressurskrevjande tema å arbeide med. Vi må nytte meir tid / ressursar på arbeid med fråværsarbeid. Når vi har høgt fråvær kan det ha innverknad på arbeidsmiljø på arbeidsplassen.

## Konklusjon

Nord-Fron har i 2020 levert eit godt årsresultat. Vi skal ha fokus på at styrka handlefridom skal halde fram i 2021 og åra framover.

I sum leverer kommunen gode tenester innafor relativt tronge økonomiske rammer. Det skal vi klare også framover, men det betyr at tilsette må rekne med endring i arbeidsoppgåver og at brukarar av kommunale tenester må rekne med endring i korleis kommunale tenester blir gitt.



KOMMUNEDIREKTØR
Arne Sandbu

Vinstra, 31. mars 2021

# Årsberetning

## INNLEIING

I tråd med kommuneloven § 14-7 skal alle kommunar utarbeide årsberetning. Årsberetning skal utarbeidast av kommunedirektøren seinast 31. mars, og årsrekneskap og årsberetning skal vedtas av kommunestyret før 1. juli. Det er lagt opp til at årsberetning skal vedtas av kommunestyret på møte 20. mai 2021.

## ØKONOMISKE FORHOLD

### Balanserekneskapen

Tabellen viser *samansetninga av balanserekneskapen* for 2019 og 2020 (tal i tusen):

| **Eigedelar** | R-20 | R-19 | **Eigenkapital og gjeld** | R-20 | R-19 |
|---|---|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar: | 1.819.354 | 1.727.003 | Eigenkapital: | 759.506 | 616.445 |
| Omløpsmidlar: | 244.738 | 215.203 | Langsiktig gjeld: | 1.216.649 | 1.247.201 |
| | | | Kortsiktig gjeld: | 87.938 | 78.560 |
| **Sum** | 2.064.092 | 1.942.206 | **Sum:** | 2.064.092 | 1.942.206 |

***Arbeidskapital***

Arbeidskapitalen (AK) er lik omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Endring i arbeidskapitalen er eit mål på om likviditeten er betra eller svekka. I 2020 har omløpsmidlar auka med 29 millionar kroner til 245 millionar kroner. I same periode er kortsiktig gjeld auka med 10 millionar kroner, slik at AK er styrka med om lag 20 millionar kroner. Arbeidskapitalen vart svekka frå 2018 til 2019 (60 millionar kroner). Kommunen har tilfredsstillande likviditet med ein arbeidskapital på 157 millionar kroner per 31. desember 2020 (137 millionar kroner i 2019).

Arbeidskapitalen utgjer i 2020 ***24,8 prosent av driftsinntektene*** (23,2 prosent i 2019 og 34,3 prosent i 2018).

***Arbeidskapitalen sin driftsdel*** er definert som AK minus ubrukte lånemidlar, investeringsfond og bunde driftsfond. Dette viser driftsmidlar til frie formål. Per 31. desember 2020 er arbeidskapitalen sin driftsdel ***62,7 millionar kroner*** (41,9 millionar kroner i 2019). Det utgjer ***9,9 prosent*** av driftsinntektene (7,1 prosent i 2019).

Tabellen under syner utviklinga i driftsdelen av arbeidskapitalen (tal i tusen):

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Arbeidskapital | 196.260 | 136.643 | 156.801 |
| › *ubrukte lånemidler* | 29.221 | 52.327 | 38.237 |
| › *investeringsfond* | 79.664 | 14.538 | 12.509 |
| › *bundne driftsfond* | 30.743 | 27.868 | 43.345 |
| **Arbeidskapitalens driftsdel (driftslikvider)** | 56.632 | 41.909 | 62.709 |

Dersom ein berre korrigerer for ubrukte lånemidler utgjer arbeidskapitalen 18,8 % av driftsinntektene (14,3 % i 2019).

Arbeidskapitalens driftsdel korrigert for premieavviket (tal i tusen):

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Arbeidskapital korrigert for premieavvik | 189.057 | 125.277 | 148.727 |
| › *ubrukte lånemidlar* | 29.221 | 52.327 | 38.237 |
| › *investeringsfond* | 79.664 | 14.538 | 12.509 |
| › *bundne driftsfond* | 30.743 | 27.868 | 43.345 |
| **Arbeidskapitalens driftsdel *(driftslikvider)* korrigert for premieavvik** | 49.429 | 30.544 | 54.635 |

Premieavviket inngår i arbeidskapitalen.
Korrigert for premieavviket er arbeidskapitalen i 2020 på 148,7 millionar kroner. Tilsvarande tal for 2019 (arbeidskapital korrigert for premieavvik) er 125,3 millionar kroner. Korrigert for premieavviket er arbeidskapitalens driftsdel i 2020 på 54,64 millionar kroner. Det er ein auke frå 2019 på 24 millionar kroner. Den negative utviklinga frå dei tidlegare åra er dermed snudd i 2020.

***Anleggsmidlar***

Pensjonsmidlar auka frå 638 millionar kroner i 2019 til 694 millionar kroner i 2020. Pensjonsmidler er dei faktiske pensjonsmidlene til kommunen, andel av forsikringsfondet (reserven), tilleggsavsetninger, andel av kursreguleringsfondet og penger på premiefond (inkludert tilbakeført overskudd).

I 2020 er det gjennomført ordinære avskrivingar for 30,3 millionar kroner og det er aktivert verdiar for 65,3 millionar kroner. Eigedommen Høgtun vart sanert i 2020 og er nedskrivi med restverdien i balansen (1,2 mill. kr). Det er seld tomter for 0,2 millionar kroner i 2020.

Faste eigedommar og anlegg er bokført med 979 millionar kroner per 31.12.20 (var 949 millionar kroner per 31.12.19).

Det er utbetalt 3 startlån på til saman 2,3 millionar kroner i 2020.

***Nord-Fron kommune har anleggsmidlar for 1.819 millionar kroner i 2020*** (1.727 millionar kroner i 2019).

***Gjeld***

Pensjonsforpliktelser vart redusert frå 731 millionar kroner i 2019 til 694 millionar kroner i 2020. Pensjonsforpliktelser er noverdien av påløpt pensjonsforpliktelse for alle tilsette, aktive, oppsatte og pensjonistar. Dette er rekna ut etter eigne økonomiske føresetnader.

Kortsiktig gjeld er på 87,9 millionar kroner, som er ein auke på 9,4 millioner kroner frå 2019 til 2020.

***Samla langsiktig gjeld er 1.217 millionar kroner***, og det er 193 % prosent av driftsinntektene i 2020 (211 % i 2019).

***Ekstern lånegjeld pr. 31. desember 2020 er 522,7 millionar kroner***, og det er ein auke på 6,8 millionar kroner siste året. Det er berekna at 80,7 millionar kroner av lånegjelda (15,4 %) per 31.12.20 er knytt til sjølvkostprosjekt (beregna til 53,5 millionar kroner per 31.12.19).

Kommunestyret gjorde i KS-sak 130/19 vedtak om låneopptak på inntil 45,858 millionar kroner til investeringar i 2020. I tillegg sto det att 25,198 millionar kroner av låneopptak frå 2019, som vart vedteke i KS-sak 118/18, slik at det samla kunne gjerast opptak av investeringslån på inntil 71,056 millionar kroner i 2020.

Finansieringsbehovet vart endra som følgje av nedregulering av fleire investeringsprosjekt, og det vart gjort låneopptak til

investeringar på 40 millionar kroner i 2020. Prosjekta som vart nedregulert i 2020 vil i hovudsak bli oppregulert i 2021, og resterande låneopptak frå 2020 vil innlemma som del av låneopptak i 2021.
Kommunestyret vedtok i KS-sak 88/20 slike måltal for lånegjelda i 2020:

- Lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: 85 %.
- Lånegjeld korrigert for sjølvkost i prosent av brutto driftsinntekter: 75 %

**Lånegjeld i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei siste åra:**

| | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|
| Ekstern lånegjeld | 89,1 % | 87,4 % | 82,7 % |
| *Vedteke måltal* | | | 85,0 % |
| Korrigert for sjølvkost | 80,3 % | 78,3 % | 69,9 % |
| *Vedteke måltal* | | | 75,0 % |

Som det framgår av tabellen var den eksterne lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter 82,7 % i 2020, og det vedtekne måltalet vart nådd både for den samla lånegjelda og for lånegjeld korrigert for sjølvkost.

**Ekstern lånegjeld viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):**




Det er lagt opp til at lånegjelda skal aukast i økonomiplanperioden (år 2021–2024) til om lag 564 millionar kroner i 2024.

***Eigenkapital***
Samla er eigenkapitalen 759,5 millionar kroner per 31.12.20, og det er ein auke på 143,1 millionar kroner frå 2019. Det blir vist til note 14 for detaljar rundt endring i kapitalkontoen. Kapitalkontoen auka med 108,8 millionar kroner frå 2019 til 2020.

Med bakgrunn i budsjett, vedtak gjennom året og avsetningar ved avslutninga av rekneskapet er ***totale verdiar av fond auka med 34,2 millionar kroner til 122,7 millionar kroner ved utgangen av 2020*** (88,5 millionar kroner i 2019).

**Fondsreservane viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):**




*Dette er sumtal for alle typar fond.*

<u>Bundne driftsfond</u>
**Av den totale fondsbehaldninga er 43,3 millionar kroner bunde opp til ulike driftsformål. Fond på over 1 million kroner er lista opp under:**

- 7,1 millionar kroner er knytt til sjølvkostfond (avløp, vatn og septik).
- 3,8 millionar kroner knytt til bunde driftsfond for Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal (Regionrådet har sidan 2005 vore ført som ein integrert del av kommunen sitt rekneskap). I tillegg har regionrådet 10,7 millionar kroner på eige fond knytt til breibandsprosjektet i Midt-Gudbrandsdalen.
- 6,4 millionar kroner til kraftfond konsesjonsavgift.
- 1,7 millionar kroner knytt til motteke arv til Sundheim.
- 1,6 millionar kroner knytt til konsesjonsvilkår Vinstravassdraget.
- 1,3 millionar kroner gjeld eige fond for bustadtilskott.
- 1,1 million kroner står att av motteke skjønnsmidlar knytt til flaum i 2013. Det var sluttrapportert på prosjektet i 2019, og der gjekk det fram at det står att noko mindre arbeid som skal finansierast med resterande skjønnsmidler.
- 1,2 millionar kroner knytt til statleg tiltakspakke som følgje av Covid-19 for å skape aktivitet i bygg- og anleggsbransjen, og/eller hente inn noko av vedlikeholdsetterslepet i kommunene.

<u>Disposisjonsfond</u>
***Dette er fondsmidlar som kan nyttast fritt, både til drift og investeringar, og saldo ved utgangen av året er 66,9 millionar kroner*** (46,1 millionar kroner per 31. desember 2019).
Kommunestyret vedtok i KS-sak 88/20 slikt måltal for disposisjonsfondet i 2020:

- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8 %.

**Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene viser følgjande utvikling dei siste åra:**

| | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|
| Nord-Fron | 10,4 % | 7,8 % | 10,6 % |
| *Vedteke måltal* | | | 8,0 % |

Disposisjonsfondet auka med 20,8 millionar kroner frå 2019 til 2020, og måltalet for 2020 er nådd. Driftsrekneskapen for 2020 viste eit mindreforbruk på 19,82 mill.kr.

I tråd med Kommuneloven og kap. 4 i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., er det som følgje av mindreforbruket i gjennomført strykningar av bruk av disposisjonsfond slik:

- Ansvar 810, bruk fond jfr. budsjett: 5,917 millionar kroner.
- Ansvar 806, bruk fond knytt til premieavvik: 11,419 millionar kroner.
- Ansvar 808, bruk flyktningefond jfr. budsjett: 1,0 millionar kroner.
- Ansvar 451, bruk fond breiband jfr. KS 126/20: 1,481 millionar kroner.

I tråd med økonomireglementet punkt 6.1.2. har kommunedirektøren fullmakt til å gjera avsetning innan tenesteområder som går med rekneskapsmessig mindreforbruk/ overskott. I 2020 er det gjort avsetning på til saman 2,4 millionar kroner fordelt på desse områda:

- Regionrådet: 0,148 millionar kroner.
- Teknisk: 1,0 millionar kroner.
- Kultur, næring, IKT: 0,3 millionar kroner.
- NAV MG: 1,0 millionar kroner.

I tråd med økonomireglementet punkt 6.1.1 har kommunedirektøren fullmakt til avsetning og bruk av disposisjonfond gjennom vedtak i eigne politiske saker. I 2020 er det gjort avsetning til fond slik:

- Pensjonsfond (premieavvik), jfr. KS-sak 18/03: 8,562 millionar kroner.
- Flyktningefond, jfr. KS-sak 20/97: 2,22 millionar kroner.
- Bufferfond prissikring kraft, jfr. KS-sak 114/14: 1,171 millionar kroner.
- Alkohol- og tobakkavgiftsfond, jfr. KS-sak 43/01: 0,138 millionar kroner.
- Flomsikringsanlegg, jfr. KS-sak 122/20: 0,163 millionar kroner.

I tillegg til nokre mindre renteavsetningar er det ført bruk og avsetning til disposisjonsfond i tråd med vedtak gjennom eigne politiske saker i 2020 og jfr. budsjett slik (tal i 1000):

| | Bruk | Avsetning |
|---|---|---|
| KS 44/20 Tilskott NMK Midt-Gudbrandsdal | 200,0 | |
| KS 122/20 Spelemidler | | -2 500,0 |
| KS 125/20Utbytte innlandet Energi Holding | | -2 700,0 |
| KS 54/20 Styrking vegvedlikehald | 2 000,0 | |
| KS 86/20 Fortau Skåbu | 500,0 | |
| FS 98/20 Gave kjøp Sinclair | 50,0 | |
| FS 7/20 Dekling husleige | 19,5 | |
| KS 122/20 Vern skog | | -915,0 |
| Tilknytningsavgift Furusjøen jfr. budsjett | | - 4 920,0 |
| Eigenkapitalinnskott KLP jfr. budsjett | 1550,0 | |
| KS 54/20 Tiltakspakke Næringsfond | 1 000,0 | |
| KS 54/20 Kommunal tiltakspakke* | 2 000,0 | |
| KS 123/20 Rassikring | 110,6 | |
| KS 126/20 Breiband** | 1 518,7 | -1 000 |
| KS 122/20 Asymottak | | -395,5 |
| **Sum** | 8 948,7 | -12 430,5 |

**Ubrukte midlar knytt til kommunal tiltakspakke, jfr. KS-sak 54/20, er avsett til eige disposisjonsfond (2,0 millionar kroner).*

***Det vart vedteke bruk av fond med 3,0 millionar kroner, men bruken vart redusert som følgje av at rekneskapen vart avslutta med mindreforbruk jfr. eigen kommentar.*

Bruk og avsetning til næringsfond og landbruksfond er ført i tråd med eigne saker og budsjettert avsetning. Næringsfondet auka med 0,222 millionar kroner frå 2019 til 2020. Landbruksfondet auka med 0,136 millionar kroner frå 2019 til 2020.

Investeringsfond

Det er balanseført 3,1 millionar kroner knytt til fond for ekstra avdrag på etableringslån/startlån. Dette er bundne midlar.
I tillegg er det pr. 31. desember 2020 balanseført til saman 9,4 millionar kroner på ubunde investeringsfond. Det er ført bruk av fondet med 2,417 millionar kroner knytt til kjøp av IKT-utstyr i skolen, jfr. KS-sak 123/20. Det er avsett 0,163 millionar kroner til fondet som følgje av sal av tomter i 2020.

## Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser kva for driftsutgifter og inntekter kommunen har i dei ulike tenesteområda (TO). I tillegg viser driftsrekneskapen kommunen sine skatteinntekter, renteinntekter/utgifter, avdrag på lån og bruk/avsetning av fond.

### *Driftsutgifter på virksomhetsområda*

**Utgift, inntekt og netto utgift (inkl. bruk/avsetning av fond) på verksemdsområda (VO) i 2020:**

| Tal i 1000 | Rekn. | Reg.bud | Avvik | prosent-avv. |
|---|---|---|---|---|
| Brt.utg | 607.432 | 556.863 | -50.569 | -9,1 % |
| Inntekt | -202.495 | -147.618 | 54.877 | 37,2 % |
| **Netto utgift** | 404.937 | 409.245 | 4.308 | 1,1 % |

Det er eit samla mindreforbruk på 4,3 millionar kroner for tenestområda (TO) i 2020, noko som er 1,1 prosent mindre enn budsjetterte netto utgifter. Det er størst mindreforbruk innan Teknisk korrigert for sjølvkostområda (2,7 millionar kroner) og det interkommunale samarbeidet Midt-Gudbrandsdal barnevernteneste (1,7 millionar kroner).

Resultatet ved dei enkelte TO framgår av bevilgningsskjema drift B-del. Forklaringar på områder med vesentlege avvik framgår lengre bak i årsberetningen («Vesentlege budsjettavvik»).

Det er i 2020 utarbeidd nye rutiner for budsjettstyring og rapportering, og det er vedteke eit nytt økonomireglement jfr. KS-sak 37/20.

Frå 2014 er tilbakeført overskudd/overføring frå premiefond frå KLP knytt til pensjon ført utanom VO, på ansvar 806- premieavvik pensjon/pensjonsfond.

I 2020 var overføring frå premiefondet om lag 4,3 millionar kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, og det er 0,35 millonar kroner mindre enn budsjett.

Den samla pensjonspremien for KLP og SPK vart vesentleg lågare enn budsjett i 2020. Mindrekostnader på om lag 13 millionar kroner er hovedårsaka til at rekneskapen i 2020 viste eit mindreforbruk på om lag 19 millionar kroner samla før strykningar. Differansen er ført på ansvar 806 premieavvik/premiefond. Pensjonspremien (prosentsatsen) er ført som budsjettert på verksemdsområda, men vil variere avhengig av lønskostnader.

Samla er det etter avslutta rekneskap ein meirkostnad på 1,1 million kroner knytt til ansvar 806 pensjon, men dette heng saman med strykning av bruk av fond knytt til premieavvik (sjå også kommentar under avsnitt om disponsisjonsfond).

***Lønsutgifter***

Lønsutgifter på TO står i 2020 for 63,1 prosent (60,6 prosent i 2019) av brutto driftsutgifter i TO. Dersom vi tek med pensjon inkl. premiefond ført på ansvar 806 (ikkje premieavvik) utgjer lønsutgifter i 2020 62,0 % av brutto utgifter (61,0 % i 2019).

Lønsutgifter på TO korrigert for refusjon sjukefråvær / fødselpermisjon er på 350 millionar kroner, og det er 6,6 millionar kroner mindre enn budsjettert. Inkluderer vi det som er ført på ansvar 806 er netto lønsutgifter 333 millionar kroner (19,2 millionar kroner mindre enn budsjettert).

Netto lønnsutgift er ikkje korrigert for tilskot, refusjon frå staten/ andre kommunar og liknande.

Oversikt løns-avvik rekneskap og regulert budsjett ført på VO:

| Type | Millionar kroner. |
|---|---|
| Løn (fast og variabel) | -15,7 (meir kostnad enn regulert budsjett) |
| Refusjon NAV | +19,1 (meir inntekt enn regulert budsjett) |
| Pensjon og arb.g.avg. VO | +1,6 (mindre kostnad enn regulert budsjett) |
| **Sum netto løn VO** | +5,0 (mindre kostnad enn regulert budsjett) |

***Premieavvik***

Det reknast ut eit premieavvik, som er differansen mellom utrekna pensjonskostnad og premie-innbetaling. Vidare skal premieavviket førast som ei utgift/inntekt.

I 2019 var det eit positivt premieavvik (innbetaling til KLP/SPK meir enn kostnad) på 11,4 millionar kroner. Dette vart inntektsført i 2019. Som følgje av meirforbruk og gjennmføring av strykningar av avsetning til fond i 2019 vart ikkje delar av beløpet ikkje avsett til fond i 2019. Det vart avsett 9,3 millionar kroner. Premieavviket frå 2019 utgiftsført i 2020, og dette vart i utgangspunktet finansiert med bruk av pensjonsfondet, men som følgje av mindreforbruk i 2020 vart det gjennomført strykning av bruken av fondet i samband med avslutninga av rekneskapen.

***Positivt premieavvik for 2020*** (innbetalt meir enn kostnad) ***er 8,1 millionar kroner.*** Dette er inntektsført i 2020 og avsatt til fond. Premieavviket i 2020 skal utgiftsførast i 2021 med bruk av pensjonsfondet tilsvarande.

Pensjonsfondet er ved utgangen av 2020 på 27,9 millionar kroner (19,4 millionar kroner i 2019).

Premieavviket blir ikkje ført på virksomhetsområda.

***Skatteinntekter***

Skatteinntektene viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):




***Skatteinngangen*** (skatt på formue og inntekt) var i 2020 161,7 millionar kroner og det er ein nedgang samanlikna med 2019. Nedgangen må sjåast i samanheng med Covid-19. Skatteinngangen i 2020 var 9,7 millionar kroner mindre enn budsjettet (171,5 millionar kroner). Naturressursskatten er 17,9 millionar kroner av skatteinngangen (18,3 millionar kroner i 2019).

***Eigedomsskatten*** er 33,9 millionar kroner, og det er 0,6 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er ein vesentleg nedgang i eigedomsskatten frå 2019 til 2020 (3,9 millionar kroner). Dette heng saman med endra statlege føresetnader gjennom at det vart innført ein reduksjonsfaktor på takst.

***Rammetilskott***

I 2020 fekk kommunen totalt 205,8 millionar kroner i statleg ordinært rammetilskott inkl. netto inntektsutjamning og skjønnsmidlar. Dette er 5,1 millionar kroner meir enn budsjettert. Auken må sjåast skuldast både auka netto inntektsutjamning og ekstraordinært rammetilskott og skjønnsmidlar som følgje av Covid-19. Dersom vi ser bort frå ekstraordinært rammetilskott og skjønnsmidlar knytt til Covid-19 utgjør rammetilskott, skjønnsmidlar og netto inntektsutjaming i 2020 197,4 millionar kroner. Dette er 3,0 millionar kroner meir enn budsjett.

***Frie inntekter***

Frie inntekter er sum av skatteinngang og rammetilskott. Tabellen viser at dette i 2020 utgjer 367,5 millionar kroner, og er 4,7 millionar kroner mindre enn budsjettert:

| Tal i 1000 | Rekn. -20 | Reg. bud.-20 | Avvik -20 |
|---|---|---|---|
| Ordinært rammetilskott | 186.940 | 186.601 | 339 |
| Ekstra rammetilskott C-19 | 6.372 | 6.039 | 333 |
| **Sum rammetilskott** | 193.312 | 192.640 | 672 |
| Ord.skjønnsm. | 1.400 | 1.400 | - |
| Ekstraord.skjønnsmidler C-19 | 1.964 | 242 | 1.722 |
| **Sum skjønnsmidler** | 3.364 | 1.642 | 1.722 |
| Nto.innt.utj.. | 9.104 | 6.444 | 2.660 |
| **Sum rammet.** | 205.780 | 200.726 | 5.054 |
| Skatt | 161.716 | 171.456 | -9.740 |
| **Frie inntekter** | 367.496 | 372.182 | -4.686 |

I tala er ekstraordinært rammetilskott og skjønnsmidlar knytt til Covid-19 tatt med. Dersom vi ikkje tek med desse er sum frie inntekter 359,2 millionar kroner og det er 6,7 millionar kroner mindre enn budsjett.
Skatt og netto inntektsutjamning utgjer samla 170,8 millionar kroner i 2020, og det er 7,1 million kroner mindre enn budsjett. Det blir også vist til eige avsnitt som omhandlar økonomiske konsekvensar av Covid-19.

### *Kraftinntekter*

**Kommunen har hatt slike inntekter knytt til kraft i 2020 (tal i tusen):**

| Tal i 1000 | R-19 | R-20 | B-20 | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| Konsesjonsavgift (avsett til kraftfond) | 1.687 | 1.687 | 1.520 | 167 |
| Eigedomsskatt frå kraftverk | 21.722 | 19.169 | 19.000 | 169 |
| Konsesjonskraft (netto inntekt) | 10.164 | 10.672 | 9.500 | 1.172 |
| Naturressursskatt* | 18.278 | 17.853 | 19.000 | -1.147 |
| Utbytte | 7.739 | 11.451 | 10.883 | 568 |
| **Sum** | 59.590 | 60.832 | 59.903 | 929 |

**Inngår som ein del av samla skatteinntekter, som blir samordna.*

Kommunedirektøren har fullmakt i økonomireglementet punkt 6.1.1 og KS-sak 114/14 til å gjera avsetning til bufferfond prissikring kraft når det er meirinntekt på konsesjonskraft. Meirinntekta på 1,2 millionar kroner i 2020 er med bakgrunn i dette avsett til fondet. Saldo på fondet ved utgangen av 2020 er 4.030.000 kroner. Innlandet Energi Holding (IEH) innførte i 2020 kvartalsvis utbetaling av utbytte, og dette førte til ein anna tidsmessig tilførsel av likviditet. I tillegg utbetalte selskapet eit ekstraordinært utbytte i 2020. Som følgje av det auka utbytte frå IEH vart det i KS-sak 125/20 vedteke avsetning til disposisjonsfond med 2,7 millionar kroner.

### *Økonomiske nøkkeltall i driftsrekneskapen*

Netto driftsresultat viser brutto driftsresultat korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Eit positivt netto driftsresultat gjør det mogleg å dekke delar av investeringane med driftsmidlar forutan at kommunen kan sette av midlar til oppbygging av eigenkapital.

**Netto driftsresultat viser slik utvikling dei siste åra:**




Netto driftsresultat for 2020 er 39,1 millionar kroner (6,2 prosent), opprinneleg budsjett var minus 2,1 millionar kroner (minus 0,4 prosent), og regulert budsjett er minus 5,9 millionar kroner (-1,0 prosent).

Kommunestyret vedtok i KS-sak 88/20 slike måltal for netto driftsresultat i 2020:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (korrigert for premieavvik og bruk/avsetning bundne fond): 1,00 %

**Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:**

| | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinnt. | -1,6 % | -2,7 % | 6,2 % |
| *Vedteke måltal* | | | 1,75 % |
| Korrigert netto driftsresultat | | -2,9 % | 4,3 % |
| *Vedteke måltal* | | | 1,00 % |

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er 6,2 % i 2020. Korrigert for premieavvik og bruk/avsetning til bundne fond er netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 4,3 %. Båe måltala er godt over dei vedtekne måltala.

**Netto driftsresultat for 2020 er disponert slik (tal i 1000):**

| | |
|---|---|
| Avsetningar | 55.362 |
| Bruk av avsetningar | -19.085 |
| Overf. til inv.rekneskap | 2.868 |
| **Sum** | 39.145 |

Ved avslutning av rekneskapen for 2020 viste driftsrekneskapen eit mindreforbruk på 19,8 millionar kroner. Det rekneskapsmessige resultatet er null etter strykningar av bruk av fond, jfr. krav til avslutning av rekneskapen i ny Kommunelov og kap. 4 i Forskrift

om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

**Hovedsamansetning driftsresultat før strykning av bruk fond:**

- *Netto på verksemdsområda:* + 5,8 millionar kroner (betre enn budsjett).
- *Pensjon (premie inkludert tilbakeført overskott):* + 12,5 millionar kroner (betre enn budsjett).
- *Gevinst aksjefond:* +1,3 millionar kroner (betre enn budsjett).
- *Renteinntekter/utgifter, avdrag:* + 2,7 millionar kroner (betre enn budsjett).
- *Skatt / rammetilskott, inkludert avstemming ansvar 200 Covid-19*:* -2,4 millionar kroner («svikt» i.f.t. budsjett).
- *Eigedomsskatt:* + 0,7 millionar kroner (betre enn budsjett).
- *Tilknytning Furusjøen V/A, tap på fordringer, rentekompensasjon:* - 0,6 millionar kroner («svikt» i.f.t. budsjett).

**Det blir vist til eige avsnitt knytt til økonomiske konsekvensar Covid-19, der det framgår at resterande budsjett på ansvar 200 (2,3 millionar kroner) er avstemt mot ansvar 810 skatt og ramme.*

**Oversikt over strykningar av bruk av disposisjonsfond, som vart gjennomført som følgje av mindreforbruket:**

- Ansv. 810, bruk disp.fond jf. budsjett: 5,917 mill. kr.
- Ansv. 806, bruk fond knyttet til premieavvik: 11,419 mill. kr.
- Ansv. 808, bruk flyktningefond jf. budsjett: 1,0 mill. kr.
- Ansv. 451, bruk disp.fond breibånd jf. KS 126/20: 1,481 mill. kr.

**Brutto utgifter til renter og avdrag viser slik utvikling dei siste åra (tall i 1000):**




I 2020 har det vore utgifter på 46,7 millionar kroner til renter og avdrag (0,77 millionar kroner av dette gjeld avdrag på startlån ført i investeringsrekneskapen). Dette er 3,0 millionar kroner mindre enn budsjett. I avdrag inngår betaling av avdrag på lån med 8,0 millionar kroner ført på ansvar 807, som er knytt til at hoveddelen av tilknytningsavgift ved Furusjøen V/A er fakturert i 2020.

**Brutto utgifter til renter og avdrag i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:**

| | Reknesk. 2018 | Reknesk. 2019 | Reknesk. 2020 |
|---|---|---|---|
| Nord-Fron | 6,1 % | 6,4 % | 7,4 % |

***Tap på fordringar***

Det er utgiftsført slike tap på fordringar i 2020:

- Barnehage kr. 45.000.
- SFO kr. 15.000.
- Husleie kr. 130.000.
- Eigedomsskatt kr. 40.000.

Utgiftsføringa er gjort etter ei vurdering av utestående kommunale restansar pr. 31.12.2020.

## Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen viser på utgiftssida kva kommunen har nytta til investeringar, utlån, aksjar og avsetningar. Inntektssida omfattar finansiering av alle investeringsutgiftene; lån, fond, overføring frå driftsrekneskapen og refusjon / tilskott.

**Tabellen viser *brutto investeringsutgifter* for dei tre rammeområda i 2020:**

| Tal i 1000 | Rekneskap | Reg.buds. | prosentvis forbruk |
|---|---|---|---|
| Sektor administrasjon | 59.195 | 76.072 | 77,8 % |
| Sektor oppvekst | 4.798 | 4.696 | 102,2 % |
| Sektor helse | 2.005 | 4.852 | 41,3 % |
| **Sum** | 65.998 | 85.620 | 77,1 % |

IDet er gjennomført investeringar for 66 millionar kroner, som utgjer 77,1 prosent av regulert budsjett.

Investeringsbudsjettet var regulert ned med til saman 55,7 millionar kroner i KS-sak 86/20 og 123/20.

I 2021 skal investeringsbudsjettet regulerast opp att, saman med andre pågåande prosjekt vidareført frå 2020. Eit av prosjekta (prosjekt 3208 Rassikring med 6,6 millionar kroner) gjeld drift og skal ikkje regulerast opp i investering.

Finansieringa ved re-budsettering/oppregulering går ikkje utover tidlegare vedtatt budsjett og budsjettendringar.

Den prosentvise *finansieringa av investeringane* i 2018, 2019 og 2020 var slik:

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Lånefinansiering | 90,3 % | 11,4 % | 83,0 % |
| Eigenkapitalfinansiering | 1,0 % | 81,1 % | 5,2 % |
| Refusjon/tilskott | 8,7 % | 7,5 % | 11,8 % |
| **Sum** | 100 % | 100 % | 100 % |

Investeringar i 2020 vart i hovudsak finansiert med lån. Kommunen har tidlegare år (2017 og 2016) inngått to avtaler som inneber justeringsrett, d.v.s. at momskompensasjonen knytt til investeringskostnadene blir fordelt over 10 år.

Den eine avtala vart inngått med Nordbohus i 2017, og gjeld Barrustmoen bustadområde. Samla momskompensasjon på prosjektet var 648.665 kroner, og 1/10 av dette (64.866 kroner) blir inntektsført i 10 år f.o.m. 2017.

Den andre avtala vart inngått med Vestsida fotballklubb i 2016 og gjeld overtaking av gang- og sykkelvei til ny fotballbane. Samla momskompensasjon var 1 million kroner, og 1/10 (100.000 kroner) blir inntektsført i 10 år f.o. m. 2016.

## BUDSJETTPREMISSER

I tråd med ny Kommunelov § 14-7 punkt b) skal årsberetningen gjera greie for vesentleg avvik frå budsjettpremisser. Det er lagt til grunn at budsjettpremiss er tekstvedtak i samband med budsjettvedtaket, jfr. KS-sak 130/19. Dette er i tråd med vedtak om budsjettpremiss for budsjett – og økonomiplan 2021-24 jfr. KS-sak 139/20.

| **Premiss** | **Status/oppfølging** |
|---|---|
| **1. Vinstra Park** | |
| «Kommunestyret har enstemmig vedtatt en visjon for sentrumsutvikling gjennom prosjektet Vinstra 2046. Alle samarbeidspartene har nylig signert en avtale om videreføring av prosjektet. Både prosjektet og kommunestyret har tidligere pekt på at området kalt "Vinstra Park" må prioriteres først. For å lykkes med utviklinga av området er det avgjørende at arbeidet har høyeste prioritet i perioden. Reguleringsplan bør være ferdig innen sommeren 2020, og arbeidet med både sikring av Givra og ny busstopp må starte opp så fort som mulig. Kommunestyret mener dette er et område som kan utvikles til en attraktiv møteplass med både boliger, park- og torgfunksjoner, servering/nisjebutikker, lekeplass og lavterskel gratisaktiviteter som kan tiltrekke seg alle aldersgrupper». | Kommunestyret vedtok i KS-sak 94/20 Detaljreguleringsplan for Vinstra park og i KS-sak 95/20 vedtok kommunestyret tilslutning til investeringar knytt til Flomsikring Givra og Vinstra park. |
| **2. Omstillingsarbeid** | |
| «Kommunestyret ber om at arbeidet med omstilling fortsetter slik at innsparingskrav med gjenstående beløp på kr 2.868 (MNOK) blir nådd innen utgangen av 2021. Kommunedirektøren skriver i sitt budsjettframlegg at det i videre omstillingsarbeid blir sett nærmere på bl a arbeidstidsordning for ansatte og skolestruktur. Kommunestyret ber om en grundigere utredning av disse temaene. Utredning av 8 timers arbeidsdag for ansatte må skje i tett dialog med ansattes organisasjoner og belyses godt gjennom trepart samarbeidet». | Innsparingskrava på 2,868 millionar kroner vart innarbeidd gjennom konkretiseing ved framlegg av budsjett- og økonomiplan 2021-2024, jfr. KS-sak 139/20.<br>Utredning av 8 timers dag: Som følgje av dom i arbeidsretten haust 2020 vart saka satt på vent, jfr. sak 15/20 i TRIPART 17.11.2020.<br>Skolestruktur: Arbeidet med skolestruktur starta opp mot slutten av 2020, og framdriftsplan for arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i KS-sak 115/20. |
| **3. Heltidskultur** | |
| «Nord-Fron kommune skal utvikle en heltidskultur. Hovedregelen er at være ansatte skal tilbys faste og hele stillinger. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram en sak til diskusjon i trepartsamarbeidet om hvordan administrasjonen, ansattes organisasjoner og folkevalgte kan samarbeide for å lykkes enda bedre med å skape en heltidskultur». | Det blir arbeidd kontinuerleg med å auke opp stillingar, spesielt har dette hatt fokus i samband med utarbeiding av nye turnusar knytt til Pleie og omsorg.<br>Det har ikkje vore lagt fram eige sak om heltidskultur i 2020. |
| **4. Næringsrettledning (Funksjon 3251)** | |
| «Kommunestyret ønsker at deler av denne potten skal brukes til å se på muligheten for ny aktivitet ifm nytt krysningspor og næringsareal på og rundt den nedlagte sponplatefabrikken. BaneNor har bygd krysningssport for 200 millioner kroner på Kvam stasjon. Det bør derfor ligge til rette for å få til økt næringsaktivitet ved å se både krysningsspor, tømmerterminal og næringsarealer i sammenheng.<br>Innlandet Fylkeskommune, skogeierinteresser, BaneNor, Innovasjon Norge og andre aktuelle samarbeidspartnere skal involveres i arbeidet for å se på muligeten for å få ny grønn næringsaktivitet. Hele potten på kr 300.000 skal stå til disposisjon for Formannskapet til utviklingsprosjekter». | Etter nedleggingen av fabrikken har det vore noko utleie knytt til anna aktivitet. Det har også vore gjennomført fleire befaringer og presentasjonar med håp om etablering. Det har ikkje gitt resultat så langt.<br>Ulike instansar har vore kontakta for å sjå på moglege tiltak, men det er ikkje så langt komme til realisering av tiltak med kostnad.<br>Noko av midla er nytta til å lage film som presenterer næringsareal i kommunen. |
| **5. Salg kommunale tomter** | |
| «Pris på kommunale tomter skal være i tråd med kostpris for opparbeidelse av tomtene. Kommunestyret innfører en støtteordning på kr 100.000 for bygging av nye boliger, både på kommunale og private tomter. Kommunedirektøren legger fram en sak som beskriver en slik ordning. I saken må det også gjøres en vurdering av evt videreføring av støtteordning for å få bygget flere leiligheter». | Pris på kommunale tomter vart omhandla i KS-sak tilskott til nye bustader, samt at retningsliner for dette skulle til behandling i kommunestyret 23.2.2021 (jfr. også KS-sak 5/21). |
| **6. Budsjettprosess og involvering av folkevalgte** | |
| «Kommunestyret ønsker en bredere involvering av folkevalgte gjennom hele budsjettprosessen fra mai til endelig behandling i desember. Mange kommuner vedtar eksempelvis økonomiplanen tidligere enn budsjettet for neste år. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram en sak som skisserer muligheter for sterkere involvering av folkevalgte i budsjettprosessen. Eventuelle endringer skal iverksettes fra mai 2020». | Involvering av folkevalde i budsjettprosessen var tema i FS-sak 41/20 og nye rutiner vart innarbeidd som del av nytt Økonomireglement, vedteke i KS-sak 37/20. |

## Likestilling

Arbeidet med likestilling i kommunen inngår som ein naturleg del av rekrutterings- og kompe-tansearbeidet.
Når det gjeld fordeling kvinner/menn er status pr. 31. desember 2020 slik:

- Ein av to sektorleiarar er kvinner.
- Åtte av 14 tenesteleiarar er kvinner.
- 84 prosent av arbeidsstokken er kvinner.

Det blir også vist til eigen tabell under vedlegg til årsrapporten som syner kjønnsfordeling innan ulike stillingar

## Etisk standard

Kommunestyret vedtok nye etiske retningsliner for Nord-Fron kommune 3.11.2020, KS-sak 99/20. Det har vore gjennomført leiarmøte der retningslinene har vore tema og leiarane er oppmoda om å gjennomgå retningslinene på personalmøter.

Innkjøpsstrategi, vedteke av kommunestyre 23.3.17, KS-sak 25/17, har også eige punkt som omhandlar etisk handel. Innskjøpsstrategien skal reviderast i 2021.

## Oppfølging av arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven

Lønn og kjønn har vore drøftet på eigne møter mellom tillitsvalgte og arbeidsgiver. Som grunnlag for møtet vart det også utarbeidd relevant statistikk. Sjå også eigen oversikt under vedlegg for prosentvis fordeling av menn og kvinner i ulike stillingar.

Det har vore gjennomført karlegging av ufrivillig deltid innan pleie og omsorg. Dette har hatt fokus i turnusarbeidet, og fleire tilsette har fått auka opp stillingar som følgje av kartlegginga.

Nord-Fron kommune deltek saman med NAV Midt-Gudbrandsdal og Fylkekommunen (gjennom Karriere Oppland) i eit samarbeid for å tilrettelegge for fagbrev på arbeid for framandspråklege. Dette inneber arbeidstrening, læremateriell og rettleiing.

## Intern kontroll

Kommunen bruker det webbaserte systemet QualityManager (Qm+) for bl.a. kvalitetsstyring, risikohåndtering og internkontroll inkl. lovpålagt oppfølging av helse, miljø og sikkerhet (HMS).
Alle med fast tilsetting har sin konto og kan mellom anna registrere/sende inn meldinger om avvik frå gjeldande lovverk eller andre forhold knytt til arbeidsplassen.

**I 2020 vart det registrert og følgd opp:**

- 157 avvik knytt til helse, miljø og sikkerhet (HMS).
- 19 avvik knytt til varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.
- 227 registrerte uheldige hendelser i Sektor Helse (omsorg).
- Sju registrerte uheldige hendelser i Sektor Oppvekst (barnehage).

Det blir kvart år gjennomført vernerunde etter oppsett plan og alle tilsette får da tilsendt eit spørjeskjema med spørsmål knytt til HMS på arbeidsplassen. Dette blir administrert i Qm+.

Kommunen har frå 2018 innført E-handel og det blir arbeidd med å redusere talet på innkjøparar.

## Andre forhold

### Finansforvaltning

Kommunen har eige finansreglement som beskriver fullmakter, rutiner m.m. for finansforvaltninga. Revidert Finansreglementet vart sist vedteke i kommunestyret i 19.6.2018, KS-sak 60/18.
Det blir utarbeidd eigen årsrapport for finansforvaltninga i 2020, og denne blir behandla i FS og KS saman med rekneskapen for 2020.
I 2020 vart det inntektsført ein urealisert gevinst på aksjefond på om lag 1,8 millionar kroner, noko som var 1,3 millionar kroner meir enn budsjettert.

### Økonomireglement

Kommunestyret vedtok i KS-sak 37/20 5.5.2020 nytt økonomireglement for Nord-Fron kommune. Det nye reglementet er tilpassa ny kommunelov og ny kommunal organisering med inndeling i sektorar. I tillegg vart det innlemma auka krav til budsjettstyring og rapportering.

### Gaveforsterkingsmidlar

Kommunen fekk i 2020 tildelt kr. 70.625 i gaveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet. Midlene er knytt til kjøp av kunstverket «Den Grønkledte».

### Tilskott til ressurskrevjande tenester

Det er inntektsført krav om tilskott på om lag 10,1 mill. kroner til ressurskrevjande tenester i 2020. Refusjonen er ført på eigne funksjonar under tenesteområde 620 Pleie og omsorg og 630 Tenester for funksjonshemma.

### Tilskott til ikkje-kommunale barnehager.

Tilskott til dei ikkje-kommunale barnehagane i 2020 utgjer 10,2 millionar kroner. I tillegg kjem refusjon for søskenmoderasjon, gratis kjernetid m.m.

### Covid-19

Det vart i starten av pandemien oppretta eit eige prosjektnummer for meirkostnader knytt til konsekvensar av Covid-19. Eit eige ansvar (ansvar 200) vart oppretta etter vedtak i KS-sak 53/20, for å kunne nytte det som «mellomrekning» for kompensasjon til tjenesteområdene (TO) vedr. Covid-19 kostnader.

Innsparing knytt til lågare lønsvekst, samt redusert arbeidsavgift i termin 3 vart budsjettregulert på tenesteområdet, gjennom å redusere budsjetta og «flytte» innsparinga til ansvar 200. Det vart også gjort budsjettregulering av ansvar 200 som følgje av ekstraordinære overføringar knytt til ramme/skjønn. Det er ikkje gjort budsjettendring for sist mottatte kompensasjon på termin 11 (skjønnsmidler på 1,722 mill. kr. og auka ramme på 0,333 mill. kr.).

Tenesteområda har fått kompensasjon for påløpte meirkostnader knytt til Covid-19 (ført på eige prosjektnummer) gjennom at det relevante tenesteområdet har fått styrka budsjett i tråd med påløpte meirkostnader. Dette vart gjort ved å «mellomrekne» mot ansvar 200, ved at budsjettet der var redusert tilsvarende.

Budsjett som sto att på ansvar 200 ved etter at tenesteområda hadde fått kompensert for meirkostnader knytt til Covid-19 vart sett opp mot svikt i skatteinngang, og overført til ansvar 810.

### Oppsummering Covid 19 meirkostnader og kompensasjon:

| | |
|---|---|
| Lågare lønsvekst | 4 458 |
| Redusert arbeidsgiveravgift term. 3 | 2 417 |
| Kompensert tenesteområda | -10 870 |
| Auka ramme/skjønn ført ansv. 200 | 6 281 |
| **Sum** | **2 286** |
| **Rest på ansvar 200 sees mot skattevikt og overført til ansvar 810.** | |

| | |
|---|---|
| Netto svikt skatt/innt. utjevn. | -7 080 |
| Skjønnsmidler og ramme | 2 055 |
| Overført fra ansvar 200 | 2 286 |
| **Netto svikt** | **-2 739** |

## Usikre forpliktelser og hendelser

Det blir vist til note 17 i regneskapen.

I samband med utbygging av Vinstra Motorsportarena er det gitt kommunal garanti for utbetaling av spelemidlar til Midt-Gudbrandsdal Motorsportklubb på inntil 15,3 mill. kr i 20 år jfr. KOM-54/17 og KOM-103/17. Garantien inntreff når spelemidlar blir utbetalt. Hittil er det utbetalt totalt 7,281 mill. kr. i spillemidler. Det vart ikkje utbetalt tippemidlar i 2020. Kommunen har gjort avtale med klubben for å sikre jamnleg informasjon om den økonomiske risikoen, for å kunne være i forkant dersom ein garanti blir påkalt. Det blir også vist til opplysningar tidlegare år knytt til eigedommen.

I samband med utbygging av VA-Furusjøen er det ein pågåande skjønnsak mot 4 grunneigarar for å skaffe rettigheiter for framføring av ledningsnettet. Saka er beramma til juni 2021.

I tillegg har ein grunneiger stevna kommunen for retten i samband med utbygging av vann og avløp, med krav om 1,1 millionar kroner i erstatning. Denne saka er også beramma til juni 2021.

Kommunen var stevna for tingretten i ei arbeidsrettssak. Saka var oppe til behandling 22. og 23.2.2021. Kommunen fekk medhald i saka. Det er ikkje klart om saka blir anka vidare.

## Register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse - ROBEK

Nord-Fron kommune er ikkje ROBEK- kommune.

## Vesentlege budsjettavvik

Vesentlege budsjettavvik er kommentert med utgangspunkt i bevilgningsskjema drift A- og B del, samt bevilgningsskjema investering.

Når det gjeld drift B-del er samla avvik for området større enn 3 %, under føresetnad av at det er minimum 0,3 millionar kroner, kommentert. For å gje mest mogleg informasjon om avvik er desse kommentert på tenesteområdenivå, sjølv om budsjettet er vedteke på sektornivå.

Alle tal i opplistinga under er i heile tusen.

### Bevilgningsskjema drift A-del:

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sum generelle driftsinntekter | -403.705 | -405.332 | 1.627 |

Mindreinntekt på 1,6 mill. kr. skuldast i hovudsak følgjande:

- 0,6 mill. kr. i meirinntekt knytt til rammetilskott (0,3 mill. kr. av dette gjeld Covid-19 kompensasjon).
- 1,7 mill. kr. i meirinntekt knytt til skjønnstilskott (Covid-19 kompensasjon).
- 2,7 mill. kr. i meirinntekt knytt til inntektsutjamning.
- 8,6 mill. kr. i mindre inntekt knytt til skatteinngang (eks.naturressursskatt).
- 0,7 mill. kr. i meirinntekt knytt til eigedomsskatt.
- 1,2 mill. kr. mill. kr. i mindre inntekt knytt til naturressursskatt.
- 2,3 mill. kr. mill. kr. i «mindre utgift» knytt til overføring frå ansvar 200 Covid-19 (sjå kommentar under Andre forhold knytt til Covid-19). Sjåast opp mot svikt skatteinngang.

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sum netto driftsutgifter | 372.003 | 413.995 | 41.952 |

Differansen mellom rekneskap og budsjett heng saman med bruk og avsetning til fond., samt mindre utgift enn budsjett i B-del av bevilgningskjema. Sjå også forlaring lagt til som note under Bevilgningskjema drift A-del.

I tillegg er avskrivningar 1,3 millionar kroner høgare (meirutgift her) enn budsjett. Avskrivningar påverker ikkje driftsresultatet (sjå eigen post for motpost avskrivningar i Bevilgningskjemaet).

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Netto finansutgifter | 22.886 | 26.772 | 3.886 |

Netto mindre utgifter enn budsjettert på 3,9 mill. kr. er i hovudsak knytt til følgjande:

- 1,8 mill. kr. i netto mindre utgift knytt til renter.
- 1,3 mill. kr. i meirinntekt knytt til aksjefond.
- 0,6 mill. kr. i meirinntekt knytt til utbytte.
- 0,2 mill. kr. mindre i utgift enn budsjettert knytt til avdrag til lån.

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Disponering av netto driftsresultat | 39.145 | -6.390 | -45.532 |

Det er netto sett av 45,5 mill. kr. meir enn budsjettert.

For bundne fond er det netto avsett 18,0 mill. kr. meir enn budsjett. Dette heng saman med bruk og avsetning til øyremerka formål.

Når det gjeld disposisjonsfond er det netto avsett 27,5 mill. kr. meir enn budsjett.

- 19,8 mill. kr. av dette er knytt til strykning av bruk av fond som følgje av mindreforbruk ved avslutning av rekneskapen.
- 3,5 mill. kr. er knytt til avsetning i tråd med fullmakt til kommunedirektøren jfr. Økonomireglementet punkt 6.1.1.
- 2,4 mill. kr. er knytt til avsetning i tråd med fullmakt til kommunedirektøren jfr. Økonomireglementet punkt 6.1.2.
- 1,0 mill. kr. er knytt til avsetning breibånd jfr. KS-sak 126/20.
- 0,2 mill. kr. er knytt til avstemming av landbruk og næringsfond (netto avsetning meir enn budsjett).
- 0,5 mill. kr. er knytt til mindre bruk fond enn budsjett knytt til tiltakspakke jfr. KS-sak 54/20.

## Bevilgningsskjema drift B-del:

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Økonomi og innkjøp (430) | 3.489 | 4.110 | 621 |

Det er mindreforbruk på 0,6 mill. kr. (+ 15,1 %) og skuldast i hovudsak følgjande:

- mindre utgifter til løn enn budsjett som følgje av vakansar.
- mindre utgift enn budsjett til kjøp av teneste knytt til økonomisk rådgjeving / startlån.

I tillegg har det ikkje vore utbetaling av bustadtilskott i 2020.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Teknisk eks. sjølvkost (440 - 443) | 34.939 | 37.693 | 2.754 |

Det er mindreforbruk på 2,8 mill. kr. (+ 7,3 %) og skuldast i hovudsak følgjande:

- vesentleg mindre utgift enn budsjettert til straum.
- mindre utgift til forsikringar enn budsjett.
- meirinntekt frå husleigeinntekter.
- mindre utgifter til løn enn budsjett som følgje av vakansar.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sjølvkost (444) | -6.586 | -9.064 | -2.478 |

I tillegg til kostnader ført på ansvar 444 må sjølvkost sjåast opp mot indirekte kostnader og kapitalkostnader. Driftsutgifter (direkte og indirekte) samt kapitalkostnader skal avstemmast mot fond. Avstemminga resulterte mindre bruk av fond enn budsjettert (1,04 mill. kr.) samt meir avsetning til fond enn budsjettert (1,5 mill. kr.). Det blir også vist til note 16 i rekneskapen.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Toksebakken barnehage (571) | 5.565 | 5.260 | -305 |

Det er meirforbruk på 0,3 mill. kr. (- 5,8 %) og skuldast i hovudsak følgjande:

- noko meir utgifter til løn enn budsjettert.
- mindre inntekt gjennom eigenbetaling enn budsjettert.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Interkommunale selskap (690-98) | 30.915 | 32.626 | 1.711 |

Mindreforbruket på 1,7 mill. kr. (+ 5,2 %) er knytt til Midt-Gudbr.dal barnevernsteneste (ansvar 691) og skuldast i hovudsak følgjande:

- mindre utgift enn budsjett til barnevernstiltak i- og utanfor familien.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Premieavvik/pensjonsfond (806) | -5.762 | -4.645 | 1.117 |

Meirinntekt på 1,1 mill. kr. er knytt til :

- mindre pensjonspremie enn budsjettert. Avviket er eigentleg vesentleg høgare, men er redusert med 11,4 mill. kr. etter strykning av bruk av disposisjonsfond for finansiering av premieaavik som følgje av rekneskapsmessig overskott ved avslutning av driftsrekneskapen.

| Område/ansvar | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Andre inntekter / utgifter (807) | -14.558 | -16.161 | -1.603 |

Det er 1,6 mill. kr. mindre i inntekt enn budjettert. Dette er knytt til:

- strykning av bruk av flytkningefond som følgje av rekneskapsmessig overskott ved avslutning av driftsrekneskapen.
- noko mindre inntekt enn budsjettert frå tilknytningsavgift Furusjøen V/A.
- utgiftsføring av noko tap på fordringar (ikkje budsjettert).

## Bevilgningsskjema investering:

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sum investeringsutgifter | 67.339 | 87.170 | 19.831 |

Det er brukt 19,6 mill. kr. mindre enn budsjett. For prosjekt som går over fleire år blir det lagt fram sak om overføring av restmidlar til 2021 saman med det som vart nedregulert i KS-sak 86/20 og 123/20.

Det er betalt noko mindre enn budsjett (0,2 mill. kr.) i eigenkapitaltilskott til KLP.

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sum investeringsinntekter | 62.689 | 82.065 | 19.379 |

Som følgje av mindre investeringsutgifter enn budsjettert er det mindre i momskompensasjon enn budsjettert, og det er også brukt mindre lån.

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Netto utgifter videreutlån | 247 | 300 | 53 |

Det er lånt ut 0,7 mill. kr. mindre enn budsjett til startlån, og som følgje av det er det brukt tilsvarande mindre av startlån.

Det er motteke 0,1 mill. kr. meir enn budsjett i avdrag på startlån.

| Linje | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sum overføring frå drift og netto avsetn. | 4.897 | 5.405 | 508 |

Det er overført 0,5 mill. kr. mindre enn budsjett frå drift til investering. Dette er knytt til prosjekt som ikkje vart gjennomført i 2020.

Som følgje av mindre sal enn budjettert av tomter er det er avsett noko mindre enn budsjett til investeringsfond.

Ekstraordinære avdrag på startlån er avsett til bundne investeringsfond. Dette er ikkje budsjettert.

## Fordeling til rammeområda:

| Rammeområde | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sektor administrasjon | 59.195 | 76.072 | 16.877 |

Det er eit mindreforbruk på 16,9 mill. kr. (22,2 %). Mindreforbruket heng saman med at investeringsprosjekta går over fleire år. Resterande midlar på enkeltprosjekt som pågår vil, på lik line med tidlegare år, bli regulert opp att (re-budsjettert ) i 2021.

På enkeltprosjekta er det største avviket knytt til prosjekt 3050 Furusjøen V/A (mindreforbruk i 2020 på 10 mill. kr.). Det gjenstår noko arbeid på prosjektet til 2021, samt sluttavrekning, og midla som står att i 2020 vil difor bli ført opp att i 2021 (oppregulert/re-budsjettert).

| Rammeområde | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sektor oppvekst | 4.798 | 4.696 | -102 |

Det har vore nokre mindre investeringsprosjekt innan sektor oppvekst i 2020. Samla er brutto utgift 0,1 mill. kr. meir enn budsjett.

| Rammeområde | Rekneskap | Reg. budsjett | Avvik |
|---|---|---|---|
| Sektor helse | 2.005 | 4.852 | 2.847 |

Det er eit mindreforbruk på 2,8 mill. kr. (58,7 %) knytt til investeringar innan sektor helse. Dette heng saman med at prosjekt ikkje vart fullført eller start opp i 2020 og desse vil bli regulert opp att i 2021.

# Faktorar som verkar inn på neste økonomiplan (2022–2025)

## Økonomi / handlingsrom / kapasitet

I 2020 leverte organisasjonen driftsresultat innafor budsjett. Det er fleire årsaker til at tenesteområdene i sum leverte tjenester innafor gitte budsjettramme. Kommunedirektør og nære medarbeidarar har siste året hatt fokus på bedre oppfølging av vedtatt budsjett, og leiarar og andre tilsette i organisasjonen har gitt gode bidrag til at vi i 2020 fikk eit godt økonomisk resultat. Det har også vore fokus på endra / ny og bedre rapportering til politisk nivå.

Detaljar om økonomisk resultat og økonomisk analyse er kommentert i kap. «årsberetning Nord-Fron kommune 2020».

Det er viktig at organisasjonen framover klarer å halde fram med fokus på at tenester skal produserast innafor budsjett som kommunestyret gjør vedtak om. Det betyr at vi i organisatorisk endringsarbeid må legge vekt på å ha ein organisasjon som kan endrast raskare når situasjonen krev det.

Ved at organisasjonen nå har kome langt i å oppfylle kommunestyrets krav til omstilling, dvs. organisatorisk tilpassing ved at ressursar til administrasjon og leiing blir lågare, må ein erkjenne at høge ambisjonar blir sett på prøve. Er det mogleg å ha like store ambisjonar / ønsker framover når vi har færre administrative ressursar til å følge opp mål og ambisjonar? Og på kva områder evner vi å justere ned ambisjonane?

I 2020 hadde vi fyrste år med sektor-organisering. Kommunedirektøren meiner at omlegging frå «2-nivå» modell til tre sektorar med ulike tenesteområder har gitt ein organisasjon som fungerer betre i ei tid med krav til oftare endring.

Frå 2021 skal det særleg være fokus på organisering innafor sektor helse. Korleis finne fram til ei rasjonell organisering og leiarstruktur som kan bidra til effektiv drift innafor tenester der m.a. demografisk endring resulterer i krav om auka / endring av tenester?

Vi kan ikkje omprioritere ressursar til fordel for sektor helse i særleg større grad enn kva som er gjort siste åra utan at det får negative konsekvensar for både sektor oppvekst og sektor administrasjon. Men ut i frå at vi framleis må pårekna at staten ikkje ønsker å styrke kommunal økonomi i særleg grad vil kravet til omstilling halde fram. Bruk av ny teknologi har gitt resultat, jf. endra arbeidsformer som følge av C-19 pandemien.

## Demografi – folketalsutvikling

Nord-Fron opplever stagnasjon (liten nedgang) i folketalet. I 2020 gikk folketalet ned frå 5.723 til 5.705. Reduksjon i innbyggartal skjer i store delar av Innlandet fylke. Samtidig skal det være mogleg å utvikle samfunnet dersom nedgangen ikkje blir for sterk. Bolyst og relevante arbeidsplassar må ha fokus i tillegg til trygge oppvekstmiljø og flott natur. Men overføringar frå staten påverkast av utvikling av folketalet, og det vil resultere i at kommunen må sjå om det er andre måtar å finansiere krav til auka velferdstenester.

## Næringsliv – sysselsetting – pandemi (C-19)

Etter at landet (Nord-Fron frå 4.3.20) blei råka av koronapandemien i fjor har det gitt store utslag for sysselsetting. Nord-Fron har også blitt påverka av uro i næringslivet. Men vi har hatt lågare vekst i arbeidsløysa enn fleire andre delar av landet (3,3 prosent i november 2020 mot 2,1 prosent i november 2019). Men pga. relativ stabil sysselsetting innafor fleire næringar (t.d. bygg og anlegg) har det vore høg aktivitet også i 2020. Dersom pandemien ikkje svekkast utover 2021 må vi pårekna at også vår region kan få større negative utslag i form av redusert aktivitet / mindre optimisme i næringslivet komande år. Så langt har det vore mest uro pga. sosial nedstegning i lange periodar ettersom smitteutviklinga varierer. Om og i kva form evt. seinverknader av pandemien vil gi for innbyggarane veit vi lite om i dag.

## Arealbruk – kommuneplan - sentrumsutvikling

Vi har ein samfunnsdel av kommuneplanen frå 2017 og arealdel frå 2018. Vi er ikkje ajour med arbeidet for å revidere slike plandokument, i første omgang planstrategi. Det må ha fokus frå 2021 skal vi klare å halde fram med jamleg revisjon av overordna plandokument.

Men vi har fått ferdig reguleringsplan for utvikling av nye Vinstra sentrum ved Vinstrahallen. Ved å få på plass nødvendige sikringstiltak komande år vil det ligge til rette for satsing på innhald i området. Vi vil få eit sentrumsområde der vi er avhengig av at private investorar saman med kommunal satsing vil bidra for å få til ønskt utvikling.

## Kommuneorganisasjon

Kommunen er viktig som leverandør av kommunal velferd. Kommunen som arbeidsgivar har i 2020 eit sjukefråver på 9,3 %. Det er høgare enn førre år (8,3 % i 2019). Det er behov for kontinuerleg fokus på fråversarbeid skal vi klare å nå ambisjonane om lågare fråvær.

Vi må nytte meir tid og ressursar på kompetanseutvikling, slik at våre tilsette får ny kunnskap / trygghet for å utføre framtidige arbeidsoppgåver på ein god måte. Utviklingsarbeid krev tid og kompetanse i organisasjonen.

# Årsrapport


Utsyn mot Ruste og sørover i bygda. Foto: Anne Grete Bakkene

# Politisk verksemd

**Utgifter knytt til folkevalde (møter, godtgjering, partistøtte) inkludert kontrollutval og revisjon, er ført opp på dette området. I tillegg er løyvingskontoar til ulike utval og ordførar ført opp her.**

I 2018/19 arbeidde ei nedsett politisk gruppe med forslag til innsparing og ny politisk organisering, og som følgje av dette vart talet på hovudutval redusert etter kommunevalet hausten 2019. Det er no to hovudutval, som i tillegg til formannskapet skal vere dei organa utanom kontrollutval som arbeider på vegne av kommunestyret.

Dei to hovudutvala er

- MLA – utval for miljø, landbruk og areal.
- HO – utval for helse og oppvekst.

I samband med arbeidet knytt til politisk organisering var det i KS-sak 3/20 vedteke Forskrift om rettigheter og plikter for folkevalgte i Nord-Fron.

| Antall politiske saker behandla siste åra | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Kommunestyre (KOM) | 122 | 133 | 142 |
| Formannskap (FOR) | 112 | 122 | 183 |
| Administrasjonsutval | 35 | 20 | 37 |
| Delegert administrativ behandling | 74 | | 263 *) |
| Arbeidsmiljøutval | 14 | 22 | 27 |
| Utval for helse-, opp-vekst- og kultursaker (fram til 9.10.19) | 65 | 49 | Utval avvikla |
| Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker (fram til 9.10.19) | 84 | 71 | Utval avvikla |
| Planutval (fram til 24.9.19) | 80 | 68 | Utval avvikla |
| Helse/Oppvekst (frå 23.10.19) | | 14 | 35 |
| Miljø,landbruk og areal (frå 22.10.19) | | 36 | 171 |

**Delegerte saker fordeler seg slik: Miljø, landbruk og areal: 252 og Formannskapet: 11.*

## ØKONOMISK RESULTAT

| Ansvar | R-19* | R-20 | B-20 | AVVIK |
|---|---|---|---|---|
| Politisk verksemd | 5.237 | 3.945 | 3.902 | -43 |


Feforosen. Foto: Ole Kristian Sørlie

# Kommunedirektør

**Tidlegare rådmannsleiing (kommunedirektør og kommunalsjefar) vart frå 2020 erstatta med sektororganisering.**

Det resulterte i at ansvarsområdet frå 2020 i hovudsak omfattar lønn og drift knytt til kommunedirektør. Dei tre sektorane har eigne ansvarsområder for administrasjon og drift av sektorar og tenesteområder.

I 2020 vart tre ansvar lagt inn til ansvarsområde kommunedirektør: Ansvar 115 kommunedirektør, ansvar 120 omstilling og ansvar 191 regionrådet.

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

Gjennom pandemiåret (frå mars mnd. 2020) har det vore krevjande å gjennomføre alle planlagte akvititetar. Vi har i stor grad klart å legge til rette for og sette i verk saker som har vore til politisk behandling gjennom året. Men det har vore nokre overordna oppgåver som ikkje har fått tilstrekkelig fokus (t.d. kommunal planlegging og delar av arbeid med å utvikle arbeidsgivarpolitikken vår). Når pandemien gradvis får mindre fokus skal ulike overordna oppgåver om mogleg ha auka fokus. Samtidig har vi i 2020 fått nye og betre rapporteringsrutiner som viser at organisasjonen har leiarar som i hovudsak drifter innafor vedtatte økonomiske rammer.

### Beredskap

Utgifter til kriseteam og beredskapstiltak (utanom pandemi / Covid-19 kostnader) blir ført på ansvar 115. Vi har eit velfungerande psykososialt kriseteam, som blir aktivert ved behov. Kommunen må framover pårekne at det vil kome uforutsette kostnader i samband med oppfølging av kriser. Kommunens arbeid med revisjon av eige ROS analyse er forseinka, hovudårsak er mykje løpande arbeid med å takle nye oppgåver som følgje av C-19 pandemien, som har tatt svært store administrative ressursar i 2020.

### Omstilling

Kommuneorganisasjonen har gjennom fleire år redusert antall administrative stillingar. Det har i fleire år vore budsjetterte reduksjonar der ikkje alle har vore ført på konkrete tenesteområder. Slike kostnader blir ført på ansvar 115. Ved utgangen av 2020 / gjennom vedtatt budsjett for 2021 har vi nådd kommunestyrets målsetting om reduksjon av talet på administrative stillingar. Det står att ein god del arbeid med å etablere ein kommuneorganisasjon som skal levere tenester innafor vedtatte budsjett samtidig med at vi får på plass ein rasjonell organisasjonsmodell. Vidare arbeid med organisatorisk gjennomgang innafor sektorane og eventuelle endringar held fram i 2021.

### Regionrådet

Både utgifter og inntekter knytt til drift og aktivitetar i regi av regionrådet for Midt-Gudbrandsdal blir ført på ansvar 115. Nord-Fron sine netto kostnader i 2020 var kr. 623.000, som er noko lågare enn budsjettert kr. 702.000.

## ØKONOMISK RESULTAT

| Ansvar | R-19* | R-20 | B-20 | AVVIK |
|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør | | 1.901 | 1.759 | -142 |
| Omstilling | | 0 | 168 | -168 |
| Regionrådet | | 623 | 702 | 79 |
| **Sum for sektoren** | | **2.524** | **2.293** | **-231** |

*Det er ikkje mogleg å samanlikne tall for rekneskapsåra 2019 og 2020. Netto drifts-utgifter var i 2020 kr.2.524.000. Det var eit negativt avvik på kr. 231.000.*

På line med økonomisk oversikt er det ikkje mogleg å samanlikne tall for fråvær med førre år. Samla sjukefråvær for tilsette som høyrer inn under ansvarsområdet var i 2020 7,6 %.

# Sektor administrasjon

## Følgjande tenester sorterer under sektoren:

- Personal og organisasjon (personalsjef/tenesteleiar og tilsette knytt til lønn og personal, samt lærlingar i organisasjonen).
- Økonomi og innkjøp (økonomisjef/tenesteleiar og tilsette knytt til oppfølging av økonomi, innkjøp og juridisk bistand).
- Plan/teknisk (tenesteleiar, avdelingsleiar for reinhald, avdelingsleiar for drift/vedlikehald, tilsette innan reinhald, drift av bygg, vatn og avløp, ingeniørar, oppmåling, eigedomsskatt, miljø, plan og byggesak).
- Kultur, næring og ikt (tenesteleiar, avdelingsleiar næring/politikk, landbrukskontor, avdelingsleiar kultur/kommunikasjon, tilsette knytt til arkiv, ikt, beredskap, kommunikasjon/servicetorg, bibliotek, kino, ungdomsarbeid, frivillighetssentral, BUA, møtesekretariat, landbrukskontor) .

To interkommunale ordningar, der Nord-Fron er vertskommune inngår som ein del av sektor administrasjon. Dette gjeld Fron kulturskole og Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdalen.
I tillegg ligg dei interkommunale samarbeida knytt til Fron badeland, Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap og Midt-Gudbrandsdal Brann og feiervesen som ein del av sektoren.
Sektoren er f.t. leia av kommunedirektør.

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

### Personal og organisasjon

Ny organisering, med inndeling i sektorar, vart iverksett frå 1.1.2020, men det har også vore oppfølging av dette og justeringar i løpet av 2020.

Det har vore arbeidd med utvikling og revidering av fleire sentrale reglement, som t.d.  etiske retningslinjer, retningsliner for oppfølging av vald/truslar og varsel av kritikkverdige forhold.

Som følgje av Covid-19 vart det i tillegg landa fleire særavtaler med arbeidstakerorganisasjonene gjennom året.

### Økonomi og innkjøp

Det har vore fokus på utarbeiding og implementering av nye rapporteringsrutiner, og som eit ledd i dette vart det i kommunestyret 5.5.20 vedteke nytt Økonomireglement, jf. KS-sak 37/20.

Skatteoppkrevinga vart statleggjort frå 1.11.2020. Kommunen hadde fram til dette samarbeid med Kemneren i Sør-Gudbrandsdal om innkreving av skatt og kommunale avgifter. Avtala vart sagt opp frå 1.11.2020 og det vart inngått avtale med Midt-Gudbrandsdal Økonomikontor om innkreving av kommunale krav.

### Plan/teknisk

Anleggsarbeidet på VA-Furusjøen går mot slutten og i 2020 har anlegget kome i drift, og dei fyrste hyttene har vorte tilkobla. Gjennom den fyrste tida var det noko ekstraarbeid med igangkjøring og nokre mindre tekniske problem, men det har betra seg gjennom året. Høgdebassenget vart tatt i bruk, og leidningsnettet er no heilt tett, klora og testa med unntak av noko gjenståande arbeid rundt ein pumpestasjon på Hovdemyra. Denne blir ferdigstilt i 2021. Furusjøen vassverk er ikkje ferdigstilt og tatt i bruk, men høgdebasseng på Møllehaugen er sett i drift. I perioder med mykje besøk på hyttene er det litt lite vatn tilgjengeleg frå det gamle vassverket ved Årvillingen.

Arbeidet har hatt hovedfokus med tanke på fullføring av det tekniske systemet i året som har gått.

Kommunestyret vedtok 3.11.2020, jf. KS-sak 95/20, vidare tilslutning og bevilgning av midlar til flaumsikring av Givra og opparbeiding av Vinstra park. Flaumsikring langs Givra sin øvre del vart gjennomført i 2020 og berørte fleire private eigedommar. Her vart det, i tillegg til sikring av eigedommane mot flaum, også omlagt vatn og kloakknett som følgje av at kloakknettet hadde stor innlekking. Ferdigstilling i dette området blir gjort i 2021.

Den nedre delen, fra Lågen og gjennom Sundheimsvegen, starta opp mot slutten av året og vil pågå inn i 2021. Til dette prosjektet går NVE inn med 50 % av kostnadene til sikringsarbeida.

### Kultur, næring og IKT

Året har vore prega av Covid-19 i forhold til gjennomføring av arrangement og andre kulturtilbod. I perioder har både bibliotek, servicetorg og frivilligsentralen vore stengt som følgje av dette. Byfest og kulturkveld vart ikkje gjennomført, men det har vore gjennomført digitale arrangement, m.a. 17.mai og ved markering av 8.mai.

Tenesteområdet inkluderer også oppfølging av beredskapsarbeidet. Kriseleiinga har hatt møter kvar veke siden mars 2020. Det har også vore andre alvorlige hendingar i kommunen, som har krevd involvering av det kommunale apparatet.

Kommunikasjon og informasjon er definert som styrka satsingsområde for kommunen, og har gitt gode resultat i 2020.

Innan ikt/digitalisering har det vore gjort tilpasningar og tilrettelegging for gjennomføring av digitale møter. I tillegg har avdelinga hatt fokus på etablering av egne fiberlinjer som ein del av beredskapsarbeidet.

I samband med dei utfordringane næringslivet har hatt som følgje av Covid-19 har Staten tildelt ulike kompensasjonspakker. Kommunen har handtert tildeling av dette til enkeltbedrifter.

Fiberutbygging har også hatt fokus i 2020 jf. «baksideprosjektet», i regi av Midt-Gudbrandsdal regionråd og kommunane i fellesskap.

Innan landbruk er det overført nye ordningar frå Statsforvalteren (tidl. Fylkesmannen) til kommunen innan m.a. tilskott til tiltak i beiteområder og nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Vidare har det vorte utarbeidd nye temaplanar knytt til beitebruk og skogbruk. Det vart også utarbeidd nye 5-årige bestandsplanar for elg og hjort, samt gjennomført revidering av tiltaksstrategiar for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).

## ØKONOMISK RESULTAT

| Ansvar | R-19* | R-20 | B-20 | AVVIK |
|---|---|---|---|---|
| Personal og organisasjon | | 8.644 | 8.527 | -117 |
| Økonomi og innkjøp | | 3.489 | 4.110 | 621 |
| Plan/teknisk eks. sjølvkost | | 34.939 | 37.693 | 2.754 |
| Sjølvkost | | -6.586 | -9.064 | -2.478 |
| Kultur, næring og IKT | | 31.986 | 32.071 | 85 |
| Interkommunalt selskap | | 12.448 | 12.832 | 384 |
| **Sum for sektoren** | 82.069 | 84.920 | 86.169 | 1.249 |

**Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020, og det vart nye tenesteområder. Tala for 2019 er difor ikkje direkte samanlignbare. I 2019 inngår ansvar 120-160 (minus ansvar 130) samt ansvar 270-275 (minus ansvar 274) i grunnlaget for sektortalet i tabellen.*

Mindreforbruk innan Økonomi og innkjøp er knytt vakansar gjennom året, samt noko mindre utgifter knytt til kjøp av teneste for økonomisk rådgjeving og at det ikkje vart utbetalt bustadtilskott.

Innan Plan/teknisk er mindreforbruket hovudsakleg knytt til mindre utgifter til på straum og forsikring, meirinntekt frå husleige samt vakansar gjennom året. I tillegg må noko av mindreforbruket

på Teknisk sjåast opp mot meirforbruk på sjølvkostområda. Dette heng saman med fordeling av personell.

Når det gjeld interkommunale ordningar er mindreforbruket knytt til Fron kulturskole, og mindre lønskostnader enn budsjettert.

## SJUKEFRÅVÆR

| 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 5,5 % | 4,4 % | 7,3 % |

*Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020. Tala for 2019 og 2018 er difor ikkje direkte samanlignbare. I 2018 og 2019 inngår ansvar 115-160 samt 270 -275 (minus ansvar 274) i grunnlaget for tala i tabellen.*

## TAL OG STATISTIKK

### Kart og oppmåling

Det er utført 50 delingssaker, fem grensejusteringar, fem grenseganger, 27 samanføyingar, ei arealoverføring og to seksjoneringer som gir totalt 87 saker i 2020, mot 101 i 2019.




### Vassforsyning og avlaup

| Leidning i meter | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Ny vassleidning | 186 | 112 | 550 |
| Utskifta vassleidning | 547 | 7 | 85 |
| Ny kloakk-leidning | 229 | 358 | 550 |
| Utskifta kloakkleidning | 960 | 0 | 78 |
| Ny overvass-leidning | 0 | 147 | 0 |
| Utskifta OV-leidning | 60 | 0 | 0 |

### Vegar og trafikksikring

Tabellen under viser vedlikehaldskostnader på kommunale vegar og gang- og sykkelvegar.

Det er stor attgroing av areala inntil våre veger, og dette er ei stor utfordring med tanke på trafikksikkerhet og vedlikehald.

| Tal i 1000 kr. | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Budsjett | 4.632 | 5.014 | 4.730 |
| Rekneskap | 5.512 | 11.703 | 5.348 |
| Vedlikehald (kr/m) | 43,36 | 92,05 | 42,06 |
| Utskifta kloakkleidning | 960 | 0 | 78 |

| Vegar og gateljos | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Nye vegar | 0 | 0 | 0 |
| Nye gangveg/fortau | 0,5 | 0,8 | 0 |
| Re-asfaltert* | 3,0 | 0,15 | 0,8 |
| Nye gatelyspunkt * | 9 | 16 | 6 |

| Næringsfond | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Sum tilsegn i kroner | 269.000 | 305.200 | 611.000 | 2.589.525 |
| Disponibel saldo pr. 31.12 | 448.166 | 386.614 | 550.944 | 841.431 |
| Tal på søknader | 11 | 11 | 16 | 55 |
| Søknader behandla delegert | 5 | 5 | 5 | 8 |

| Landbruk | Tilføring av midler i kroner | | |
|---|---|---|---|
| | 2018 | 2019 | 2020 |
| Produksjonstilskudd | 45 700 000 | 48 400 000 | 49 800 000 |
| BU-middel, investeringer | 2 000 000 | 1 700 000 | 900 000 |
| Organisert beitebruk | 425 000 | 390 000 | 383 000 |
| Tiltak i beiteområde | 153 000 | 162 000 | 118 000 |
| SMIL-middel | 1 250 000 | 1 250 000 | 1 000 000 |
| Drenering av jordbruksjord | 34 000 | 46 000 | 18 000 |
| Avløsertilskudd | 6 300 000 | 6 500 000 | 6 800 000 |
| Sjukdomsrefusjon | 1 700 000 | 1 900 000 | 1 500 000 |
| Regionalt miljøprogram | 3 000 000 | 3 900 000 | 3 950 000 |
| NMSK-middel | 732 000 | 1 450 000 | 828 000 |
| Landbruksfond (løyvd pr. år) | 349 000 | 410 000 | 232 000 |
| **SUM** | **61 600 000** | **66 100 000** | **65 500 000** |

| Skogbruk | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Hogstvolum, m3 | 14 700 | 24 600 | 15 600 |
| Skogplanting, stk | 84 800 | 82 600 | 26 300 |
| Skogkulturarbeid, daa | 712 | 197* | 755 |

**) Redusert areal skuldast manglande maskinkapasitet hos entreprenør, vesentlege areal vart utsett til 2020.*

| Frivillige lag og organisasjonar | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Tilskot (tal i tusen) | 3 162 | 1 072 | 1 434 |
| **Tal på lag og organisasjonar som har motteke tilskot:** | | | |
| Idrettsorganisasjonar | 19 | 19 | 19 |
| Lag/organisasjonar innafor fritidssekt. | 29 | 27 | 32 |

| Teneste | | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Bibliotek | *Utlån* | 30.265 | 25.300 | 17.446 |
| | *Besøk* | 18.900 | 13.200 | 8.700 |
| Vinstra ungdomsklubb* | *Snittbesøk per kveld* | 65 | 89 | 62* |
| Vinstra kino | *Tal på kinoframsyningar* | 127 | 116 | 73 |
| | *Besøkstal* | 7.410 | 5.550 | 2.261 |
| | *Snitt pr framsyning* | 58 | 47 | 31 |
| BUA Vinstra | *Antal lån* | 50 | 496 | 478 |
| | *Antal utlånte artiklar* | 126 | 1.687 | 1.536 |
| Fron badeland | *Brukarar totalt* | 36 746 | 40 362 | 29 565 |
| | *Brukarar frå skulane (i NFK og SFK)* | 8 746 | 9 786 | 4 463 |
| Fron kulturskole | *Elevtal (i båe kommunar)* | 173 | 166 | 125 ** |
| | *Venteliste* | 6 | 4 | 8** |

**Snittbesøk på 96 fram til klubben vart stengd i mars. Maksbegrensningar på besøkstal frå skolestart 2020.*

***) Hausten 2020 fekk kulturskolen ca. 35 færre søkjarar enn eit normalår. Svært sannsynleg er dette på grunn av situasjonen med korona-pandemien. Det er i størst grad gruppetilboda, som samlar unge frå ulike skoler og alderstrinn, som er ramma. Ein ser og at anna fritidsaktivitet har merkbart fråfall i haust. Fron kulturskole har pr. i dag 4,64 årsverk. Det er ein reduksjon på 0,5 årsverk frå 2019.*



*Vår på Sødorpfjellet. Foto. Anne Grete Bakkene.*

## KOSTRA-TAL

| | Nord-Fron | | Sør-Fron | | Ringebu | | Innlandet/ Oppland | | Landet utan Oslo | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 |
| Årsavgift vatn (kr) | 4.247 | 4.566 | 3.421 | 3.524 | 4.562 | 5.018 | 4.197 | 4.414 | 3.749 | 3.881 |
| Årsavgift avløp (kr) | 5.743 | 5.840 | 3.628 | 3.773 | 5.942 | 6.536 | 5.091 | 5.385 | 4.144 | 4.321 |
| Energi-kostnad / kvm. | 140 | 107 | 125 | 70 | 135 | 91 | 133 | 109 | 134 | 97 |
| Snitt saksbeh.tid bygge- søknad med 3 ukers frist | 16 | 16 | 33 | 38 | 8 | 11 | 16 | 15 | 18 | 17 |

*Årsavgifta for vatn og avløp inkluderar eit stipulert forbruk.*

# Sektor oppvekst

**Følgjande tenester sorterer under sektoren:**

- Skule, barnehage og vaksenopplæring er hovudområder.
  - Dei kommunale barnehagane er Kvam, Toksebakken, Ruste og barnehagen i Skåbu oppvekst. Barnehagane har styrarar som er tenesteleiarar. Ved Skåbu oppvekst er det rektor som er tenesteleiar, medan styrar i barnehagen er avdelingsleiar for barnehagedelen av oppvekstsenteret.
  - Skulane i kommunen er Skåbu oppvekst (barneskule), Vinstra ungdomsskole, Barhaug skole, Kvam skole og Sødorp skole. Skulane har rektorar som er tjenesteleiarar.
  - I tillegg til desse skulane har vi Nord-Fron vaksenopplæring, der det i 2020 har vore tilbod om både introduksjonsprogram og grunnskule. Det er i all hovudsak busette flytningar som er elevar ved vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa ligg under Vinstra ungdomsskole, og det har i 2020 vore avdelingsleiar (inspektør) ved ungdomsskulen som også har hatt denne funksjonen der.

Stab oppvekst (sektorleiar + to årsverk) støttar arbeidet i tenestene og Ung  i Midtdalen (eitt årsverk) ligg under oppvekst.
Sektoren er leia av sektorsjef.

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

### Skular og barnehagar

2020 har inna oppvekst, som dei fleste andre områder, vore sterkt prega av Covid-19 og smittevern. Etter at både skular og barnehagar vart stengt ned over heile landet frå midt i mars 2020 har året vore prega av strenge smittevernstiltak med innføring av ein nasjonal «trafikklysmodell» som stiller forskjellige krav til skular og barnehagar ut frå kva nivå ein er plassert i. Etter oppstarten av nytt barnehage-/skuleår i august 2020 har våre skular og barnehagar vore på gult nivå med unntak av at ein barneskule (Barhaug) var på raudt nivå i om lag ei veke.

Året 2020 blir nok også hugsa som året då eksamen vart avlyst, men også for at alle juleavslutningar vart avlyst. Leirskuleopphaldet som i Nord-Fron ligg på 7.årssteg vart i 2020 utsett frå våren til hausten, og elevane reiste då som 8.klassingar etter at dei hadde byrja ved Vinstra ungdomsskole.

Både skular og barnehagar i Nord-Fron har vore med i det nasjonale programmet «Inkluderandre barnehage- og skulemiljø» fra 2018 til og med 2020. Gjennom arbeidet har skular og barnehagar heva si kompetanse i arbeidet med inkluderande miljø, og i tillegg til auka fokus på området er det arbeidd fram nye rutiner og planar for arbeidet lokalt.

Skulane har i 2020 brukt mykje tid på innføringa av nye læreplanar, og både innafor skule og barnehage vart digitalisering av undervisning, men også digital oppfølging av barn i barnehagealder, ein uventa stor del av arbeidet i 2020 som følgje av nedstenging frå 12.mars 2020.

### Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa utvida i 2020 tilbodet til også å gjelde grunnskuleopplæring for vaksne. Dette er eit tilbod om inn til to år med grunnskuleundervisning, og gjennom dette få eit vitnemål frå norsk grunnskule. Tidlegare har Nord-Fron kommune kjøpt denne tenesta i andre kommunar.

I tillegg til å utvide med grunnskuleopplæring har vaksenopplæringa også planlagt for oppstart av norskundervisning til dei som har rett til dette frå asylmottaket på Vinstra. I 2020 vart det planlagt for tilbodet, og undervisninga er gjeve frå og med januar i 2021.

Vaksenopplæringa har gjennom 2020 ved innføringa av desse tilboda utvida sitt samla undervisningstilbod frå å vere berre undervisning knytt til introduksjonsprogrammet for busette flyktningar til også å gjelde undervisning av bebuarar ved Vinstra mottak og grunnskuleundervisning for busette flyktningar.

### Oppstart av asylmottak

Vinstra mottak opna i juli 2020, og har ein kapasitet på 150 bebuarar. Nord-Fron kommune har som vertskommune ikkje ansvar for drift av mottaket, men bebuarane har krav på fleire tenester som kommunen gjev. Ein del av dei vaksne flyktningane har krav på undervisning, barn i skulealder har rett til skuleplass, det er helsetenester som skal utførast og nokre av dei mindre barna har rett på barnehageplass.

Nord-Fron kommune har valt å kome desse rettane i møte ved å tilsette lege i 20% stilling og helsesjukepleiar i 60% stilling med arbeidsstad på Vinstra mottak, der kommunen disponerer to rom til desse tenestene. Barhaug skole har elevar i barneskulealder (ein elev i 2020) og fleire barnehagar tek frå januar 2021 imot barnehagebarn frå mottaket. Vaksenopplæringa gjennomfører kurs i norsk og samfunnsfag for dei bebuarane som har rett til dette.

Nord-Fron kommune bruker av vertskommunetilskot for kommunar med asylmottak til å gje desse tenestene.

### Ung i Midtdalen

Ung i Midtdalen (UiM) har vore med og arrangert UKM, seminar for ungdomsarbeidarar i Midtdalen, fagtur til Stortinget for ungdomsråda og førebuing til elevutveksling for Vinstra vdg. skule.

Grunna Covid-19 vart arrangement som Statement Midtdalen og Kåja Camp avlyst.

UiM var vertskap for to frivillige ungdomsarbeidarar som mellom anna arbeidde på ungdomshusa. Og dette prosjektet vart også sterkt redusert pga. nedstenginga. UiM har som alternativ til ordinære arbeidsoppgaver og arrangement vore med i natteravnordning i Kåja, og frå september har UiM bemanna koronatelefon for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron kommune tre dagar i veka.

UiM har i tillegg delteke i ressursgruppa for folkehelseprosjektet «Livsmestring og inkludering i videregåande», er med i både i lokal og regional HSA gruppe og koordinerer arbeid med lokal mobilisering mot doping saman med Antidoping Norge.

### Større endring i organisering/drift

Strukturelle endringar som var gjort i sektoren i 2020 medførte at styrarane i barnehagane vart tenesteleiarar for kvart sitt område, etter i fleire år vore leia av felles tenesteleiar.

Organisering knytt til tenester mot Vintra mottak (asylmottaket på Vinstra) er lagt til sektor oppvekst.

I budsjettet er det også ført Nord-Fron kommune sine overføringar til felles PP-teneste med Sør-Fron og Ringebu og den felles logopedtenesta vi har med Sør-Fron.

### Barnehage- og skolestruktur

Kommunestyret vedtok i 2020 eit særleg viktig arbeid for sektoren framover. Dette arbeidet skal vurdere, og kome med forslag til ny, barnehage- og skulestruktur i kommunen.

## ØKONOMISK RESULTAT

| Netto utgift | R-19* | R-20 | B-20 | AVVIK |
|---|---|---|---|---|
| Sektor oppvekst | | 16.537 | 16.672 | 135 |
| Statleg asylmottak | | 0 | 0 | 0 |
| Sødorp skole | | 15.127 | 15.460 | 333 |
| Kvam skole | | 9.639 | 9.886 | 247 |
| Barhaug skole | | 14.589 | 14.642 | 53 |
| Skåbu oppvekst | | 8.893 | 9.030 | 137 |
| Vinstra ungdomsskole | | | | |
| (inkl. vaksenopplæringa) | | 24.468 | 24.582 | 114 |
| Toksebakken barnehage | | 5.565 | 5.260 | -305 |
| Kvam barnehage | | 6.785 | 6.943 | 158 |
| Ruste barnehage | | 11.160 | 11.228 | 68 |
| Interkommunale selskap | | 3.164 | 3.397 | 233 |
| Sum for sektoren | 115.341 | 115.927 | 117.100 | 1.173 |

**Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020, og det vart nye tenesteområder. Tala for 2019 er difor ikkje direkte samanlignbare.* Det er ingen tenesteområder som har store avvik i rekneskapen samanlikna med budsjett. Dei aller fleste tenestene har klart seg med sine budsjettrammer, og god økonomistyring i alle tenester har til saman ført til et godt resultat for sektoren i 2020.

## SJUKEFRÅVÆR

| 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 11,75 % | 10,0 % | 8,5 % |

*Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020. Tala for 2019 og 2018 er difor ikkje direkte samanlignbare. I 2018 og 2019 inngår ansvar 230-250 i grunnlaget for tala i tabellen.*

## TAL OG STATISTIKK

### Barnehage

| Kommunale barnehagar | Barn 19/20 | Barn 20/21 |
|---|---|---|
| Ruste | 75 | 77 |
| Toksebakken | 37 | 35 |
| Kvam | 41 | 42 |
| Skåbu | 21 | 20 |
| Sum | 174 | 174 |

Det er ein familiebarnehage i Nord-Fron; Sødorp familiebarnehage som har 6 barn i barnehageåret 2020/21.

Det er to private barnehagar i Nord-Fron. Det er Sentrum barnehage (1-3 år) og Vestsida kulturbarnehage (1-6 år). Sentrum barnehage har 17 barn og Vestsida kulturbarnehage har 28 barn barnehageåret 2020/21.

### *Nettoutgifter per barnehage*

| | 2019 | | | 2020 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehage: | Nettoutgifter eks. bygg* | Snitt per heil plass* | Ant. plassar | Nettoutgifter eks. bygg* | Snitt per heil plass* | Ant. plassar |
| Fellesområde barnehage | 24.048 | 129 | 186 | 23.510 | 112 | 210 |
| Skåbu | 2.868 | 159 | 18 | 2.807 | 74 | 38 |

**Tal i tusen*

Fordeling av plassar mellom Toksebakken, Kvam og Ruste blir delvis tilpassa etterspørsel frå år til år.

### *Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar (tal i tusen)*

| | 2010 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Statleg tilskott | 6.207 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunalt tilskott | 654 | 10.667 | 12.146 | 10.966 |
| Sum | 6.861 | 10.667 | 12.146 | 10.966 |

*Tala inkluderer søskenmoderasjon.*

### *Fordeling stillingar i barnehagane*

| Barnehage | Faste | Midl. |
|---|---|---|
| Toksebakken bhg. | 10 | 1 |
| Kvam bhg | 13 | 1 |
| Ruste bhg. | 19 | 4 |
| Sum | 42 | 6 |

### Skolar

| Grunnskolane | Antal elevar |
|---|---|
| Skåbu Oppvekst, skole | 23 |
| Kvam | 82 |
| Barhaug | 144 |
| Sødorp | 159 |
| Vinstra ungdomsskole | 202 |
| Sum | 610 |

### *Utvikling elevtal*

| | 1981 | 1997 | 2000 | 2010 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnesteg | 642 | 476 | 514 | 506 | 403 | 407 | 408 |
| Ungd.steg | 342 | 176 | 188 | 208 | 205 | 203 | 202 |
| Sum elevar | 984 | 652 | 702 | 714 | 608 | 610 | 610 |

### *Nettoutgifter per skole*

| | 2019 | | | 2020 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Skole: | Nettoutgifter eks. bygg* | Pr. elev* | Elevar | Nettoutgifter eks. bygg* | Pr. elev* | Elevar |
| Sødorp skole | 15.298 | 96 | 159 | 15.127 | 95 | 159 |
| Kvam skole | 10.180 | 126 | 81 | 9.639 | 118 | 82 |
| Barhaug skole | 14.302 | 99 | 144 | 14.589 | 101 | 144 |
| Skåbu Oppvekst | 6.590 | 287 | 23 | 6.086 | 265 | 23 |
| Vinstra ungdomsskole | 25.428 | 125 | 203 | 24.468 | 121 | 202 |
| | | Sum | 610 | | Sum | 610 |

**Tal i tusen*

*Personale skole - fast og midlertidig pr. desember 2020*

| Skole | Lærere fast | Lærere midl. | Assistenter | Assistenter midl. |
|---|---|---|---|---|
| Sødorp | 20 | 2 | 7 | 2 |
| Kvam | 13 | 0 | 4 | 0 |
| Barhaug | 17 | 2 | 9 | 1 |
| Skåbu | 6 | 0 | 2 | 0 |
| VUS | 29 | 1 | 5 | 0 |
| **Sum** | **85** | **5** | **27** | **3** |

*Flyktningar*

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| Busette i år | 26 | 11 | 6 | 6 |
| Busetting/fam. gjenforening | 10 | 5 | 5 | 0 |
| Deltakarar på introduksjonsordninga | 51 | 37 | 20 | 15 |
| Deltakarar på grunnsk. opplæring for vaksne | 0 | 0 | 0 | 18 |

## KOSTRA-TAL

Tabellen viser enkelte utvalte kvalitetsindikatorar for Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Innlandet/Oppland og landet utan Oslo.

| Teneste | Kvalitets-indikator | Nord-Fron | | Sør-Fron | | Ringebu | | Innlandet/ Oppland | | Landet utan Oslo | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 |
| Barnehage | Andel barn 1-2 år med b.h.plass | 80,0% | 85,9% | 80,4% | 80,0% | 88,7% | 87,8% | 84,5% | 85,3% | 84,6% | 85,5% |
| Barnehage | Andel barn 1-5 år med b.h.plass | 92,4% | 95% | 91,9% | 91,1% | 95,0% | 92,4% | 92,9% | 93,2% | 92,4% | 92,9% |
| Barnehage | Andel barn 1-3 år med b.h.plass | 100% | 97,9% | 97,8% | 98,6% | 99,1% | 95,5% | 97,8% | 98,0% | 97,3% | 97,4% |
| Grunnskole | Gjennom snittleg grunnskole-poeng (antal) | 40,8 | 42,5 | 42,1 | 40,5 | 42,1 | 43,4 | 41,9 | 42,8 | 41,7 | 42,9 |
| Grunnskole | Grunnskole elevar som får spesial-undervisning (prosent) | 4,9% | 5,7% | 4,4% | 5,8% | 4,4% | 7,2% | 6,8% | 7,2% | 7,8% | 7,8% |

Tala viser for barnehagane – som elles i landet – at stort sett alle barn mellom tre og fem år går i barnehage. For skule viser tabellen at Nord-Fron kommune ligger lågt på andel spesialundervisning. Siste års resultat viser ei gradvis betring av grunnskulepoeng, med resultatet i 2020 som det beste som hittil er oppnådd i Nord-Fron.

Meir om resultat i skule og barnehage kan lesast i Tilstandsrapport for barnehage- og skoleåret 2019/20 som vart lagt fram for kommunestyret 03.11.20.


Storhølisæter.

# Sektor helse og omsorg

**Følgjande tenester sorterer under sektoren:**

- NAV Midt-Gudbrandsdal
- Tenester for funksjonshemma (TFF)
- Pleie og omsorg (Sundheim) (PLO)
- •Forebyggande tenester: Legekontor, Helsestasjon, Rus og psykisk helse (ROP), friskliv/fysio- og ergoterapi
- I tillegg ligg interkommunale helsetiltak under sektoren. Dette omfattar: Midt-Gudbrandsdal barnevernsteneste, Midt-Gudbrandsdal flyktningeteneste, Fronsvakta, Helseregion Sør-Gudbrandsdal (legevakt, koordinator, FACT-team), Kommuneoverlege, Krisesenter, Psykolog, Jordmorteneste.

I tillegg har arbeid med TISK (testing, isolering, sporing, karantene) i all hovudsak vore utført av sektor helse.

Sektoren er leia av sektorleiar. Det har vore fleire endringar og vakansar både knytt til avdelingsleiarar, tenesteleiarar og sektorleiar i 2020. Ved utgangen av 2020 ivaretok sektorleiar tenesteleiarfunksjonen for pleie og omsorg samt tidlegere forebyggande område. Leiinga har hausten 2020 vorte ivareteke i tett samarbeid med personalsjef og avdelingsleiarar for respektive avdelingar.

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

Koronapandemien har utfordra sektoren til å gi tenester på ein ny måte: så vel legekonsultasjonar som hjelp frå ROP- tenesta har delvis blitt gitt gjennom gjennom e-konsultasjon. Også samarbeidsmøter og leiarmøter har blitt gjennomført ved bruk av digitale verktøy.

Det vart store omstillingar frå mars då korttid/rehabiliteringsavdelinga (K/RH) stengte ned, heimehjelpstilbudet vart krympa og mykje av desse ressursane kom inn til heimesjukepleia. Ein pandemi som medførte stadige endringar i retningsliner og rutiner, mange nye medarbeidarar frå K/RH og heimehjelp kombinert med organisatoriske endringar gav ein ny arbeidskvardag for heimesjukepleia og mottakarane av denne av tenesta. Endringsarbeid tek tid hos både tilsette, pasientar og pårørande. Det er viktig med god informasjon, ansvarsfordeling og gode rutiner i denne prosessen. Heimetenesta og samarbeidspartnerar er no i gang med å revidere og utarbeide rutiner som skal implementerast hos tilsette og samarbeidspartnerar. Det er laga ein plan for informasjon om strukturendring og tilbud ut til innbyggjarane i kommunen via sosiale medier, lokalpresse og intranett/kommunen si heimeside. Dette er eit etterlengta og viktig tiltak.

Pågangen til den ordinære heimetenesta har auka, både i antall og omfang, i løpet av året. Dette både som følgje av midlertidig nedstegning av korttidsavdelinga og som følgje av fleire hjelpetrengande med auka behov. Personell har midlertidig blitt omdisponert frå korttidsavdelinga. I tillegg har heimetenesta midlertidig auka antall eigne tilsette.

Som følgje av at fleire hjelpetrengande skal bu og meistre eige liv i eigen heim så aukar og behovet for tilrettelegging med hjelpemidlar. Det er difor stort påtrykk på lokalt lager og ressursar til vask/klargjering, utkjøring og tilpasning av hjelpemidlar.

Sektor helse har endra journalrutiner frå papirjournal til elektronisk journal. Dette forenklar og sikrar meir hensiktsmessig journalføring og arkivering med auka sikkerheit for at informasjon ikkje kjem på avvegar.

### TFF

Antall brukarar som får teneste gjennom TFF har auka i løpet av 2021. TFF har også etablert eit heim/skuleprosjekt som krev betydelege ressursar.
TFF har overtatt ansvar for privat avlastning, slik at dette er samorganisert med institusjonsavlastning. Privat avlastning var tidlegare organisert under forebyggande tenester. På sikt er det ønskjelig å dreie tilbudet mest mogleg over til institusjonsavlastning, på linje med det som er gjort i fleire andre kommunar.

### Legetenesta

På lik linje med svært mange andre kommunar slit Nord-Fron kommune med å rekruttere og behalde nye fastlegar. Det blir varsla fastlegekrise og Regjeringa har etablert ein handlingsplan for allmennlegetenesta. Som følge av fastlegeutfordringar har Sør-Fron og Nord-Fron igangsett eit arbeid med å planleggje for ei bærekraftig legevaktsdrift. Arbeidsgruppe, beståande av legar og administrasjon i dei to kommunane, starta arbeidet i september 2020.

## NAV Midt-Gudbrandsdal

NAV Midt-Gudbrandsdal fekk i januar 2020 status som nasjonalt utviklingskontor for måten dei arbeider, støtta av ny kontorløysing. Tilsette har i stor grad hatt heimekontor dette året. Pandemien førte til kraftig auke i talet på brukarar (opp over 150% i periodar samanlikna med 2019), men dette vart løyst på ein god måte. Utgifter til økonomisk sosialhjelp har gått betydelig ned: nesten 10% frå 2019. Dette handlar om måten kontoret jobbar og organiserer arbeidet sitt på.

## Nye tenester

I tråd med politisk vedtak i KS-sak 118/18 vart det frå 1.4.2020 etablert tildelingskontor. Iverksetting av tildelingskontor er ei krevjande oppgåve, og ikkje minst når det skjer midt i ein pandemi. Oppstart av tildelingskontor betyr ei stor endring for organisasjonen, med tanke på endra arbeidsfordeling mellom tildeling og drift. Det vart etablert ei arbeidsgruppe hausten 2020 med formål å vidareutvikle tildelingskontoret sin funksjon og samarbeidet med driftseiningane. Dette arbeidet må vidareførast utover i 2021.

Som følgje av etablering av tildelingskontor vart det auka fokus på helserett og brukarane sine rettar nedfelt i lovverket. Dette medførte m.a. at det vart fatta 3 vedtak om brukarstyrt personleg assistanse, samt at vedtak på støttekontakt av Fylkesmannen vart omgjort til personleg assistanse. Sistnemnte ordning blir forsøkt løyst gjennom miljøteam, som vart etablert i TFF mot slutten av 2020. Det har i tillegg blitt lyst ut etter assistentar til BPA ordningane, som midlertidig har blitt løyst gjennom omdisponering av personell frå heimetenesta/korttid. Ordninga er pr no organisert under heimetenesta (Sundheim), og finanisering er pr no gjort gjennom omdisponering av personell/budsjettmidlar.

Miljøteamet som vart etablert gir ambulante tenester til menneske som skal bu i eigen bolig, men som treng annan type oppfølging enn det heimetenesta gjennom TFF eller Sundheim kan tilby. Miljøteamet er under oppstart i årsskiftet 2020/2021 og viser seg å vere ein effektiv og hensiktsmessig måte å gi tenester på til personer som ikkje kan nyttiggjere seg tradisjonell heimeteneste. Miljøteamet blir foreløpig finansiert ved omdisponering innafor sektoren og tenesta sitt område, gjennom å redusere innleige ved sjukdom m.m.

TFF har i 2020 etablert barnebolig innan psykiatri. Tilbudet er etablert i samarbeid med Kringsjåtunet, men blir drifta av Nord-Fron kommune. Tilbudet skal bestå i 2 år, inntil brukar er 18 år og skal over i eigen bolig med vidare oppfølging.

## Prosjekt

Ved helsestasjon, fysio/ergoterapitenesta og barnhagane har samarbeidsprosjektet «Samarbeid til barnets beste, et godt liv her og nå, et godt liv i framtida» blitt etablert. Formålet er strukturert samarbeid med formål tidleg å avdekke og sette i gang tiltak for barn som treng litt ekstra oppfølging.

Som følgje av tildelte prosjektmidlar ut 2021 har helsestasjonen i tillegg fått moglegheit til midlertidig å tilsette ein koordinator for individuell plan. Etter at tildelingskontoret vart etablert vart ansvar for oppfølging av ansvarsgrupper og individuell plan lagt ut i linja. Dette medførte at helsestasjonen fekk ansvar for å følgje opp 25 ansvarsgrupper i tillegg til andre oppgåver tillagt arbeidsfeltet til helsestasjonen.

## Endring i interkommunale tiltak

Midtdalskommunane har etablert eit interkommunalt fagteam og Kompetansebanken. Dette er eit interkommunalt helsesamarbeid med felles kurstilbud i regi av avdeling rus og psykisk helse og frisklivssentralene for innbyggjarar i Midtdalen. Kurstilbodet blir i 2021.

Avtala med Lillehammer kommune om KAD-plass vart sagt opp med verknad frå 01.01.21. Ved årsskiftet 2020/21 vart det derfor påbegynt arbeid med å etablere ein KAD plass på korttidsavdelinga på Sundheim.

Det har blitt ført tilsyn med Nord-Fron kommune sitt ansvar for krisesentertilbudet. Avvik som vart påpeikt i tilsynet er lukka.

## ØKONOMISK RESULTAT

| Netto utgift | R-19* | R-20 | B-20 | AVVIK |
|---|---|---|---|---|
| Sektor helse | | 4.640 | 4.676 | 36 |
| Pleie og omsorg | | 94.374 | 94.102 | -272 |
| Tenester for funksjonshemma | | 36.214 | 36.283 | 69 |
| Forebyggande helsetenester | | 25.173 | 25.789 | 616 |
| Interkommunale selskap | | 30.915 | 32.626 | 1.711 |
| SUM for sektoren | 187.247 | 191.316 | 193.476 | 2.160 |

**Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020, og det vart nye tenesteområder. Tala for 2019 er difor ikkje direkte samanlignbare. I 2019 inngår ansvar 330-380 samt ansvar 130 i grunnlaget for sektortalet i tabellen.*

Det er i hovedsak mindre avvik på tenesteområda. Forebyggande helsetenester har mindreforbruk på 0,6 millionar kroner. Dette er knytt til noko vakansar samt lønsutgifter dekka av prosjektmidlar. Det er i tillegg noko meir inntekt gjennom eigenbetaling enn budsjettert.

For dei interkommunale selskapa er mindreforbruk på 1,7 millionar kroner knytt til Midt-Gudbrandsdal barnevernsteneste, der Ringebu er vertskommune. Innsparinga er som følgje av at det har vore mindre utgifter enn budsjettert til tiltak i og utanfor familien.

## SJUKEFRÅVÆR

| 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|
| 10,6 % | 9,2 % | 10,8 % |

*Tenesteområda vart inndelt i sektorar frå 1.1.2020. Tala for 2019 og 2018 er difor ikkje direkte samanlignbare. I 2018 og 2019 inngår ansvar 330-380 i grunnlaget for tala i tabellen.*

## TAL OG STATISTIKK

### *Økonomisk sosialhjelp*

| | Norske (og flyktningar o/5 år) | | | Flyktningar (kortare enn 5 år) | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Unike brukarar | Unike brukarar u/25 år | Snitt pr brukar | Unike brukarar | Unike brukara-ru/25 år | Snitt pr brukar |
| RINGEBU | | | | | | |
| 2019 | 60 | 14 | 38 488 | 13 | 3 | 62 633 |
| 2020 | 47 | 12 | 45 522 | 14 | 2 | 40 678 |
| SØR-FRON | | | | | | |
| 2019 | 40 | 13 | 44 255 | 15 | 2 | 24 368 |
| 2020 | 46 | 14 | 31 085 | 9 | 1 | 55 965 |
| NORD-FRON | | | | | | |
| 2019 | 167 | 49 | 38 449 | 25 | 10 | 115 273 |
| 2020 | 134 | 41 | 33 235 | 28 | 10 | 73 461 |

### *Kvamstunet*

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Tal på brukarar | 22 | 25 | 28 |
| Utleige til private arr. | 23 | 14 | 5 |

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Beleggsprosent på Sundheim** | **93,34 %** | **91,44 %** | **87,32%** |
| Avdeling Øst | 96,07 % | 95,42 % | 98,28 |
| Avdeling Vest | 97,52 % | 96,39 % | 101,09 |
| Korttid/rehabilitering | 85,40 % | 78,61 % | 55,74 |
| Sundtunet | 94,38 % | 95,33 % | 97,25 |
| Antall plasser på Sundheim: | 72 | 72 | 72 |
| **Dødsfall på Sundheim** | **33** | **30** | **29** |
| Dødsfall på langtidsavd. | 23 | 22 | 21 |
| Dødsfall på korttidsavd. | 10 | 8 | 8 |
| **Langtidsopphold, mottakarar gjennom året** | **73** | **77** | **79** |
| **Langtidsopphold, mottakarar pr. 31.12** | **50** | **55** | **57** |
| Mann | 18 | 19 | 13 |
| Kvinne | 32 | 36 | 44 |
| **Korttid/rehabilitering, brukarar gjennom året** | **114** | **136** | **102** |
| **Korttidsdøgn, hele året** | **4051** | **4352** | **3672** |
| **Avlastning, brukarar gjennom året** | **16** | **16** | **11** |
| **Avlastingsdøgn, hele året** | **817** | **844** | **385** |
| **Dagplass, brukere gjennom året** | **23** | **24** | **15** |
| **Dagplass, brukere pr. 31.12.** | **16** | **14** | **1** |
| Mann | 5 | 6 | 1 |
| Kvinne | 11 | 8 | 0 |
| **Dagplass, antall dagar** | **845** | **771** | **28** |
| **Heimesjukepleie, mottakarar gjennom året** | **239** | **252** | **233** |
| **Heimesjukepleie, mottakarar pr 31.12.** | **170** | **177** | **160** |
| Mann | 70 | 78 | 74 |
| Kvinne | 100 | 99 | 86 |
| **Antall kjørte kilometer i heimesjukepleia** | **173.406** | **Mangler tall** | **150.920** |
| **Heimehjelp, mottakarar gjennom året** | **198** | **207** | **195** |
| **Heimehjelp, mottakarar pr. 31.12.** | **172** | **174** | **164** |
| **Mottakarar, matombringing Helseteneste pr. 31.12** | **34*** | **31** | **30** |
| **Mottakarar, matombringing, Serviceteneste pr. 31.12.** | **56*** | **54** | **53** |
| **Porsjoner, matombringing, gjennom året** | **10850** | **10541** | **15.610** |
| **Porsjoner Matombringing gjennom året til TFF** | **4910** | **4933** | **5.564** |
| **Porsjoner, matombringing gjennom året i Heimetenesta** | **5940** | **5608** | **10.046** |
| **Tøyvask Mottakarar gjennom året** | **2** | **2** | **1** |
| **Tryggingsalarm Helseteneste mottakarar pr. 31.12.** | **7*** | **6** | **6** |
| **Tryggingsalarm Serviceteneste mottakarar pr. 31.12** | **150*** | **159** | **156** |

### Kommentar til statistikk Sundheim

Årsaka til at antal dagopphald, korttids og avlastningsopphald og antal liggedøgn har gått ned er Covid-19. Dette har medført at dagtilbudet har vore stengt store delar av året, og at Sundheim har måtta omdisponere plassar midlertidig for å vere i beredskap for pasienter med Covid-19.

Antall plassar på Sundheim har bevisst blitt styrt i retning av noko reduksjon dei siste åra. Fokus er retta mot å gje hjelp til sjølvhjelp, samt tenester i heimane.

I samband med stengning av rehab/korttid for å vere i beredskap for Covid-19 pasientar har følgjande tiltak blitt iverksett:



*Hjort på veggen. Foto: Anne Grete Bakkene.*

- Midlertidig flytting av 6 pasientar frå langtidsavdelingane til gamle korttid/rehab i tidsrommet mars – juni. Desse pasientane er telt med i liggedøgns statistikk for langtidsavdelingane.
- Bruk av demoleiligheita som ledd i døgnbasert omsorg og m.a. med formål å sjå om aktuelle pasientar kan klare seg i eigen heim
- Bruk av «Systuggu» som mellomløysing kor bebuarane har betalt husleige og delvis hatt oppfølging frå heimetenesta, seinare frå langtidsavdelinga.

Antall dødsfall har gått ned. Dette er i tråd med statistikk for landet som heilheit, og blir vurdert å ha direkte samanheng med godt smittevern generelt. Det har vore mindre influensa, norovirus mv enn vanleg.

## KOSTRA-TAL

Tabellen viser enkelte utvalte kvalitetsindikatorar for Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Innlandet/Oppland og landet utan Oslo.



*Feforvatnet ein augustkveld. Foto: Anne Grete Bakkene.*

| Teneste | Kvalitets-indikator | Nord-Fron | | Sør-Fron | | Ringebu | | Innlandet/ Oppland | | Landet utan Oslo | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 |
| Helse- og omsorg | Årsverk helse- og omsorg per 10 000 innbyggjar | 376,0 | 405,4 | 391,4 | 394,7 | 370,8 | 371,8 | 361,0 | 386,9 | 306,2 | 315,3 |
| Helse- og omsorg | Andel brukerretta årsverk i omsorgs-teneste m. helse-utdanning | 80,2 % | 78,5% | 85,5% | 86,6% | 82,8% | 80,7% | 79,0 % | 77,7% | 75,5 % | 78% |
| Helse- og omsorg | Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjar | 14,5 | 15,2 | 15,4 | 17,6 | 14,1 | 15,9 | 12,8 | 12,6 | 11,4 | 11,8 |
| Helse- og omsorg | Avtalte fysio-terapeut-årsverk per 10 000 innbyggjar | 12,2 | 12,3 | 16,0 | 19,3 | 13,9 | 13,8 | 11,7 | 11,5 | 9,7 | 9,6 |

Bildet viser at Nord-Fron kommune brukar meir årsverk i helse og omsorg enn samanliknbare kommunar i Midtdalen og betydelig meir enn landet utanom Oslo.

Andelen brukerretta årsverk med helseutdanning er også høgt, men har gått noko ned i Nord-Fron ila siste tre år. Dette har truleg samanheng med kravet til å dekke opp på helg, kor det dessverre har vore mange småstillingar for å få turnus til å gå opp. Andel årsverk med helseutdanning er noko lågare for Nord-Fron enn for dei to andre Midtdals-kommunane, men på nivå med landet utan Oslo og Innlandet som heilheit. I 2021 blir det jobba med meir hensiktsmessig turnus, m.a. gjennom å oppnå auke i stillingar for fag- og høgskoleutdanna.

Avtalte legeårsverk har gått noko opp dei siste tre åra, noko som er i tråd med utvikling i dei to andre Midtdals-kommunane. Nord-Fron kommune ligg her lågast av dei tre Midtdals-kommunane, men høgare enn Innlandet og landet utan Oslo. Dette må imidlertid også sjåast i samanheng med demografien kor Midtdals-kommunane har høg andel eldre, som er forventa å ha høgare forbruk av helsetenester.

Avtalte fysioterapiårsverk har gått noko opp i perioden, og er høgare enn for landet utanom Oslo, men lågare enn dei to andre Midtdals kommunane.



*Fagerli.*

# COVID-19

Året 2020 vart sterkt prega av koronapandemien. Nord-Fron kommune var blant dei første kommunane i landet som fekk påvist smitte og det vart raskt etablert eit team for å følgje opp testing og smittesporing. Det vart etablert samarbeid med Sør-Fron og det vart gjort ei kartlegging på helsepersonell som kunne omdefinerast frå sine ordinære arbeidsoppgåver til å gjennomføre testing og smittesporing.

Personell frå helsestasjon, fysio/ergo/kvardagsrehabilitering og ROP er det personellet som har stått fremst i bresjen for testing og smittesporing. Spesielt helsestasjonen har hatt betydeleg meirarbeid knytt til smittesporingsarbeidet.

Ein eigen teststasjon vart etablert i Kåja, og det har både vore opna for avtalt testing og drop-in testing.

Frå medio august 2020 vart det tilsett eigen sjukepleiar for å koordinere testinga i Kåja. Det vart også etablert eit meir fast testteam, med formål at anna personell kunne gå tilbake i ordinær drift. I tillegg vart det etablert ein kriseplan, slik at personell som er opplæring i testing raskt kunne gå inn dersom kommunen kom på raudt nivå med tanke på krav til testing.

Det har vore svært godt samarbeid med andre kommunar, spesielt har samarbeidet vore tett og godt opp mot Sør-Fron.

Som følgje av usikkerheit rundt behov for døgnbasert oppfølging av koronapasientar vart det også etablert eit samarbeid med andre kommunar i Midt- og Sør-Gudbrandsdal med beredskapsplassar på Lillhammer helsehus. I tillegg vart korttidsavdelinga på Sundheim tømt for pasientar, og det vart etablert eit midlertidig butilbud på «systuggu». Korttidsavdelinga vart reåpna hausten 2020.

TISK (testing-isolering-smittesporing-karantene)-arbeidet i Nord-Fron har gjort at kommunen har blitt «satt på kartet» både i Innlandet og til dels nasjonalt. Vi har difor delteke m.a. som informantar i masteroppgave med tematikk Covid-19.

I starten av pandemien hadde kriseleiinga hyppige møter, og i tillegg var det ekstraordinære formannskapsmøter. Kriseleiinga har halde fram med møter kvar veke. I tillegg til det konkrete beredskaps- og oppfølgingsarbeidet har det vore fokus på kommunikasjon og informasjon til innbyggjarane. Dette har m.a. skjedd gjennom informasjonsvideoar, direktesendingar, sms til innbyggjarane, målretta informasjon til næringslivet o.a. samt meir informasjon på heimeside og facebook.

For alle tilsette har pandemien resultert i andre måtar å arbeide på, ikkje minst når det gjeld bruken av digitale plattformer.

Tilsette i skulane og barnehagane har gjennom året vist ein imponerande evne og vilje til å løyse nye og til dels vanskelege utfordringar knytt til covid-19, og særleg har sektoren samla gjort store framsteg i å kome med digitale løysingar for kurs og møter, men ikkje minst undervisning av skuleelevar og oppfølging av barnehagebarn som måtte vere heime etter nedstenginga frå mars.

Medio november 2020 fekk Nord-Fron ein krevjande smittesituasjon, som mellom anna påverka skular, barnehagar, heimeteneste, stab helse, det nyoppretta asylmottaket og etter kvart legekontoret. Dette medførte at sektoren raskt måtte endre måten å jobbe på og det var også nødvendig å ompriortere personell til nye oppgåver. I tillegg måtte Nord-Fron få bistand frå Sør-Fron legesenter og Lillehammer legevakt som følgje av at legekontoret og Nord-Fron sin del av Fronsvakta i stor grad var påverka av pandemien rett inn mot julehøgtida.

I Nord-Fron kommune var det totalt 206 personar som vart smitta frå mars – januar. Dette inkluderer 61 smitta ved Vinstra asylmottak.

Mot slutten av året vart det etablert ei vaksinasjonskoordinerings-gruppe, der avdelingsleiarar ved legekontor og Sundheim har stått i spissen for å planlegge og etter kvart følgje opp vaksinasjonen.

Når det gjeld dei økonomiske konsekvensane av Covid-19 blir det vist til årsberetningen lengre fram i årsrapporten.

# VEDLEGG: Økonomiske tabellar og nøkkeltal m.m.

## Utvikling av folketalet i kommunen

| | 1980 | 1990 | 2000 | 2010 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggartal 1. januar | 6.264 | 6.192 | 5.953 | 5.800 | 5.728 | 5.742 | 5.723 |
| Fødde | 68 | 74 | 71 | 52 | 45 | 45 | 42 |
| Døde | 51 | 78 | 74 | 76 | 55 | 60 | 53 |
| Fødselsoversk. | 17 | -4 | - 3 | -24 | -10 | -15 | -11 |
| Netto flytting | 11 | -21 | - 4 | 59 | 24 | -4 | -7 |
| Folketilvekst | 28 | -25 | - 7 | 34 | 14 | -19 | -18 |
| Innbyggartal 31. desember | 6.292 | 6.167 | 5.946 | 5.834 | 5.742 | 5.723 | 5.705 |

## Utvikling av folketal samanlikna med andre kommunar (tal per 31.12)

| | 1990 | 2000 | 2010 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Nord-Fron | 6.167 | 5.946 | 5.834 | 5.742 | 5.723 | 5.705 |
| Sør-Fron | 3.493 | 3.337 | 3.212 | 3.127 | 3.119 | 3.064 |
| Ringebu | 5.182 | 4.736 | 4.556 | 4.425 | 4.392 | 4.408 |
| Gausdal | 6.448 | 6.200 | 6.141 | 6.112 | 6.106 | 6.023 |
| Øyer | 4.586 | 4.843 | 5.092 | 5.119 | 5.100 | 5.093 |
| Sel | 6.381 | 6.228 | 6.004 | 5.789 | 5.739 | 5.592 |
| Sum | 32.257 | 31.290 | 30.839 | 30.314 | 30.179 | 29.885 |

## ØKONOMI

### Frie inntekter:

Tabellen viser utviklinga av frie inntekter (skatt og rammetilskott, ekskl. skjønnsmidlar/skjønnsmidlar flom) dei tre siste åra:

| (tal i 1000) | Rekneskap 2018 | Rekneskap 2019 | Endr. i % | Rekneskap 2019 | Endr. i % 18-19 |
|---|---|---|---|---|---|
| Skatt | 163.384 | 163.393 | 0,0% | 161.716 | -0,01% |
| Rammetilskott | 172.299 | 189.002 | 9,7% | 205.780 | 8,9% |
| Sum frie inntekter | 335.683 | 352.395 | 5,0% | 367.496 | 4,3% |

### Artsoversikt:

Tabellen viser utviklinga av kostnadsartane (hovudartar) innafor virksomhetsområda dei tre siste åra:

| tal i 1000 | Rekn. 2018 | Rekn. 2019 | Endr. % 18–19 | %-vis ford. 19 | Rekn. 2020 | Endr. % 19–20 | %-vis ford. 20 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lønnsutgifter (art 10) | 366 893 | 370 052 | 0,9 % | 62,0 % | 371 003 | 0,3 % | 61,3 % |
| Varer/tenester innan komm. prod.(art 11/12) | 90 981 | 82 253 | -10,6 % | 13,8 % | 73 151 | -11,1 % | 12,1 % |
| Varer/tenester, erstattar komm. prod. (art 13) | 65 766 | 83 046 | 20,8 % | 13,9 % | 73 772 | -11,2 % | 12,2 % |
| Overføringar (art 14) | 37 788 | 51 650 | 26,8 % | 8,6 % | 53 133 | 2,9 % | 8,8 % |
| Finansutgifter/ transaksjonar (art 15) | 13 102 | 10 321 | -26,9 % | 1,7 % | 33 832 | 227,8 % | 5,6 % |
| **Sum utgifter** | 574 530 | 597 322 | 3,8 % | 100,0 % | 604 891 | 1,3 % | 100,0 % |
| Salsinntekter (art 16) | -74 925 | -68 897 | -8,7 % | 35,9 % | -67 946 | -1,4 % | 34,0 % |
| Refusjonar (art 17) | -64 220 | -75 303 | 14,7 % | 39,2 % | -103 698 | 37,7 % | 51,9% |
| Overføringar (art 18) | -18 330 | -25 069 | 2639 % | 13,1 % | -11 438 | -54,4 % | 5,7 % |
| Finansinntekter/ transaksjonar (art 19) | -28 389 | -22 796 | -24,5 % | 11,9 % | -16 872 | -26,0 % | 8,4 % |
| **Sum inntekter** | -185 864 | -192 065 | 3,2 % | 100,0 % | -199 954 | 4,1 % | 100,0 % |
| **Nettoutgift VO** | 388 666 | 405 257 | 4,1 % | | 404 937 | -0,1 % | |

## Interkommunale ordningar:

Tabellen viser driftsutgifter / tilskott til ulike interkommunale ordningar i 2019 og 2020.

| Interkommunale ordningar (tal i 1000) | R-2019 | B-2019 | R-2020 | B-2020 | økn % R19-R20 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innlandet Revisjon IKS | 539 | 923 | 784 | 816 | 45,5 % |
| Regionråd* | 590 | 690 | 623 | 702 | 5,6 % |
| Midt-Gudbrandsdal Ped-Psykologisk teneste (MGPP) | 2 344 | 2 502 | 2 336 | 2 581 | -0,3 % |
| Logoped – interkommunalt samarbeid | 628 | 592 | 610 | 594 | -2,9 % |
| Interkommunalt samarbeid skatt og innfordring | 1 1170 | 1 221 | 1 076 | 627 | -8,0 % |
| Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR) | 6 843 | 6 749 | 7 514 | 5 938 | 9,8 % |
| Midt-Gudbrandsdal Brannvesen (MGB) | 7 454 | 7 491 | 7 712 | 7 542 | 3,5 % |
| Frya Renseanlegg (Frya RA) | 2 221 | 1 521 | 1 399 | 2 094 | -37,0 % |
| Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal* | 1 302 | 1 203 | 1 276 | 1 223 | -2,0 % |
| Fron badeland-tilskott | 2 010 | 2 017 | 1 820 | 1 812 | -9,5 % |
| Fron badeland-skolesvømming | 216 | 220 | 216 | 224 | 0,0 % |
| Ung i Midtdalen* | 191 | 191 | 218 | 222 | 14,1 % |
| Fron kulturskole* | 2 182 | 2 389 | 2 173 | 2 447 | -0,4 % |
| Midt-Gudbrandsdal flyktningeteneste | 1 076 | 1 416 | 1 291 | 1 430 | 20,0 % |
| Fronsvakta | 1 771 | 1 509 | 1 561 | 1 575 | -11,9 % |
| Kommuneoverlege | 373 | 696 | 887 | 708 | 137,8 % |
| Legevakt, varsling og KAD | 2 206 | 2 163 | 2 775 | 2 280 | 25,8 % |
| Jordmortekeste | 163 | 200 | 184 | 214 | 12,9 % |
| Gudbrandsdal krisesenter | 396 | 392 | 410 | 399 | 3,5 % |
| Psykolog* | 307 | 473 | 552 | 635 | 79,8 % |
| Midt-Gudbrandsdal barnevernsteneste | 3 641 | 3 569 | 3 621 | 3 620 | -0,5 % |
| NAV Midt-Gudbrandsdal* | 4 516 | 4 736 | 5 110 | 5 114 | 13,5 % |
| **Sum** | 42 139 | 42 863 | 44 148 | 42 797 | 4,8 % |

**Ordningane er regnskapsført i NFK og viser netto driftsutgifter for kommunen.*

## SAMANLIKNING AV KOSTRA-DATA :

MERK: Statistisk sentralbyrå (SSB) har frå 2018 lagt om statistikkbanken (KOSTRA). Som følgje av dette har dei både utarbeidd nokre nye nøkkeltal og enkelte nøkkeltal er tatt ut. Tabellane er difor ikkje alltid direkte samanliknbare med tabellane frå tidlegare års rapportar.

| | Nord-Fron | | | Sel | | | Ringebu | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2020 | 2019 | 2018 | 2020 | 2019 | 2018 | 2020 | 2019 | 2018 |
| 1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 6,2 | -2,7 | -1,6 | 0,3 | 2,4 | 1,4 | 0,7 | 1,5 | 0,3 |
| 2. Langs. gjeld (ex. pensjonsforpliktn.) i % av brutto driftsinntekter | 82,6 | 87,3 | 89 | 71 | 68,7 | 69,5 | 125,3 | 117,5 | 111,9 |
| 3. Arbeidsk i % av driftsinntekter, ex premieavvik | 23,7 | 21,3 | 33,2 | 21,7 | 25,0 | 24,2 | 29,8 | 20,2 | 22,0 |
| 4. Frie inntekter i kr per innbyggjar | 64.416 | 61.750 | 58.545 | 64.328 | 62.576 | 61.006 | 64.523 | 62.443 | 60.583 |
| 5. Netto lånegjeld i kr. per innbyggjar | 83.555 | 79.965 | 82.656 | 69.684 | 60.952 | 57.930 | 124.125 | 123.206 | 115.515 |
| 6. Andel brutto driftsinnttekter av disp.fond | 10,7 | 7,9 | 10,5 | 8,5 | 8,3 | 7,9 | 17,8 | 14,9 | 18,6 |

| | Innlandet/Oppland | | | Landet utan Oslo | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2020 | 2019 | 2018 | 2020 | 2019 | 2018 |
| 1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 1,3 | 0,6 | 1,0 | 2,4 | 1,5 | 2,2 |
| 2. Langs. gjeld (ex. pensjonsforpliktn.) i % av brutto driftsinntekter | 115,0 | 108,9 | 99,5 | 117,2 | 111,0 | 105,6 |
| 3. Arbeidsk i % av driftsinntekter, ex premieavvik | 25,0 | 22,6 | 23,7 | 23,1 | 20,6 | 21,7 |
| 4. Frie inntekter i kr per innbyggjar | 60.148 | 57.983 | 55.802 | 59.028 | 57.318 | 55.124 |
| 5. Netto lånegjeld i kr. per innbyggjar | 86.431 | 82.163 | 73.437 | 85.245 | 80.940 | 75.664 |
| 6. Andel brutto driftsinnttekter av disp.fond | 12,9 | 10,2 | 10,8 | 11,8 | 11,0 | 11,1 |

| | | Nord-Fron | | Sel | | Ringebu | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 |
| 1. Administrasjon (funksjon 120) | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 2.370 | 1.981 | 3.588 | 3.655 | 2.401 | 3.534 |
| 2. Barnehage | Netto driftsutgifter/ innb.1-5 år | 184.512 | 185.819 | 202.606 | 199.622 | 169.217 | 159.409 |
| 3. Grunnskole | Netto driftsutgifter/ innb. 6-15 år | 142.368 | 150.300 | 131.468 | 141.011 | 139.200 | 135.644 |
| 4. Omsorgstenester | Netto driftsutg. i prosent av samla netto drift | 42,6% | 38,4% | 35,7% | 37,1% | 36,3% | 36,7% |
| 5. Kommunehelse-tenester | Netto driftsutg. i prosent av samla netto drift | 6,7% | 5,1% | 6,1% | 5,5% | 6,9% | 6,6% |
| 6. Sosialesektoren | Netto driftsutgifter i prosent av tot.utg. | 4,2% | 5,3% | 2,9% | 3,5% | 3,0% | 3,9% |
| 7. Barnevern | Netto driftsutgifter/ innbyggjar 0-22 år | 4.736 | 4.596 | 6.842 | 6.887 | 9.875 | 7.915 |
| 8. Kyrkje og kyrkjegard | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 1.105 | 1.070 | 977 | 944 | 966 | 1.034 |
| 9. Kultur | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 2.887 | 3.631 | 3.779 | 4.454 | 3.418 | 3.892 |
| 10. Eigedomsforvaltning | Nto driftsutg.forvaltning av eigedom/innb. | 409 | 563 | 137 | 168 | 1.143 | 1.097 |

| | | Innlandet/Oppland | | Landet utan Oslo | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 2020 | 2019 | 2020 | 2019 |
| 1. Administrasjon (funksjon 120) | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 3.828 | 3.858 | 3.805 | 3.898 |
| 2. Barnehage | Netto driftsutgifter/ innb.1-5 år | 169.202 | | 167.588 | 163.202 |
| 3. Grunnskole | Netto driftsutgifter/ innb. 6-15 år | 127.583 | | 116.611 | 117.308 |
| 4. Omsorgstenester | Netto driftsutg. i prosent av samla netto drift | 35,7% | 35,9% | 32,4% | 32,0% |
| 5. Kommunehelse-tenester | Netto driftsutg. i prosent av samla netto drift | 5,7% | 5,4% | 5,5% | 5,0% |
| 6. Sosialesektoren | Netto driftsutgifter i prosent av tot.utg. | 4,8% | 4,9% | 5,1% | 5,6% |
| 7. Barnevern | Netto driftsutgifter/ innbyggjar 0-22 år | 9.568 | 10.788 | 8.042 | 8.391 |
| 8. Kyrkje og kyrkjegard | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 688 | 715 | 650 | 644 |
| 9. Kultur | Netto driftsutgifter/ innbyggjar | 2.518 | 2.532 | 2.510 | 2.549 |
| 10. Eigedomsforvaltning | Nto driftsutg.forvaltning av eigedom/innb. | 378 | 327 | 323 | 299 |

# OVERSIKT FASTE STILLINGSHEIMLAR OG SJUKEFRÅVÆR:

| | Heimlar | | | Sjukefråvær | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Område** | 31.12.2018 | 31.12.2019 | 31.12.2020 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Rådmannsleiing (t.o.m. 2019) | 5 | 5 | | 0,0 % | 0,1 % | |
| Fellesutgifter, regionalt samarbeid (t.o.m. 2019) | 1,5 | 1,5 | | 5,4% | 5,7 % | |
| Kommunedirektør og regionråd (f.o.m. 2020) | | | 2,0 | | | 7,6 % |
| Stab (t.o.m. 2019) | 19,7 | 20,7 | | 2,6 % | 4,1 % | |
| Lærlingar | | | | 2,0% | 13,9 % | 14,3% |
| Personal og organisasjon (f.o.m. 2020) | | | 4,0 | | | 1,0 % |
| Økonomisk og innkjøp (f.o.m. 2020) | | | 4,0 | | | 17,6 % |
| Plan og teknisk (f.o.m. 2020) | | | 53,0 | | | 6,4 % |
| Teknisk drift (t.o.m. 2019) | 48,5 | 48,5 | | 9,2 % | 5,7 % | |
| Areal og næring (t.o.m. 2019) | 10,6 | 10,6 | | 0,6 % | 3,3 % | |
| Kultur (t.o.m. 2019) | 23,6 | 18,8 | | 4,9 % | 2,3 % | |
| Kultur, næring, IKT (f.o.m. 2020) | | | 24,9 | | | 7,6 % |
| Interk: Geodata og Fron kulturskole (f.o.m. 2020) | | | 5,9 | | | |
| **Sum sektor administrasjon inkl. kommunedirektør og regionråd** | 108,9 | 105,1 | 93,8 | | | 7,3 % |
| Sektor oppvekst (f.o.m. 2020) | | | 3,6 | | | 6,8 % |
| Sødorp skole | 22 | 21,6 | 21,6 | 12,0% | 9,1 % | 10,4 % |
| Kvam skole | 16 | 16 | 14,8 | 5,6 % | 3,3 % | 2,2 % |
| Barhaug skole | 18,2 | 20,6 | 20,9 | 7,3 % | 9,2 % | 6,2 % |
| Skåbu oppvekst | 15 | 14,8 | 13,9 | 8,9 % | 12,4% | 11,4% |
| Vinstra ungdomsskole | 31,1 | 35,9 | 36,3 | 8,5 % | 97 % | 7,8 % |
| Fellesområde barnehage (t.o.m. 2019) | 40,6 | 40,3 | | 19,1 % | 13,0% | |
| Toksebakken barnehage (f.o.m. 2020) | | | 9,2 | | | 7,6 % |
| Kvam barnehage (f.o.m. 2020) | | | 12,1 | | | 8,5 % |
| Ruste barnehage (f.o.m. 2020) | | | 18,0 | | | 14,7 % |
| Interk.: Ung i Midtdalen | | | 1,0 | | | |
| **Sum sektor oppvekst** | 142,9 | 149,2 | 151,3 | | | 8,5 % |
| Sektor helse (f.o.m. 2020) | | | 5,0 | | | 2,9 % |
| Stab pleie og omsorg (t.o.m. 2019) | 4,1 | 1,3 | | 0,5 % | 0,3 % | |
| Avdeling for heimetenester (t.o.m. 2019) | 47,3 | 47,3 | | 9,1 % | 6,9 % | |
| Avdeling for institusjonsomsorg (t.o.m. 2019) | 66,8 | 70,1 | | 17,0 % | 11,9 % | |
| Pleie og omsorg (f.o.m. 2020) | | | 125,3 | | | 13,0 % |
| Tenester for funksjonshemma | 51,8 | 51,6 | 52,6 | 7,3 % | 9,3 % | 11,1 % |
| Forebyggjande helsetenester | 38,7 | 29,2 | 25,5 | 6,1 % | 9,3 % | 6,9 % |
| NAV Midt-Gudbrandsdal | - | 11,1 | 10,9 | - | 1,9 % | |
| Andre interk.: Psykolog / Fronsvakta | | | 2,4 | | | |
| **Sum sektor helse** | 208,7 | 213,6 | 221,6 | | | 10,8 % |
| **Totalt** | 460,5 | 467,9 | 466,8 | 9,2 % | 8,3 % | 9,3 % |
| | | **Sjukefråvær kvinner:** | | 10,7% | 9,0 % | 9,7 % |
| | | **Sjukefråvær menn:** | | 4,2 % | 5,1 % | 7,3 % |

Som følgje av ny organisering frå 1.1.2020 er tala pr. tenesteområde og sektor ikkje direkte samanlignbare.

I tillegg til heimlane lista opp over er det 6,5 heimlar som er vakante (som følgje av omstillinga), men som ikkje er tatt ut av heimelsoversikta per 31.12.2020. Totale heimlar inkludert desse vakante er 473,3.

I sjukefråværstala for 2020 er Geodata inkludert i Plan/Teknisk, Ung i Midtdalen er inkludert i Sektor oppvekst og NAV Midt-Gudbrandsdal er inkludert i Forebyggjande helsetenester.



*Kvam. Foto: Anne Grete Bakkene.*

## Aldersfordeling fast tilsette

| | Antall peronar | | | | | | | | Prosentfordeling | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Alder** | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Opp til 24 år | 7 | 87 | 7 | 10 | 11 | 6 | 8 | 6 | 1 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| 25-29 år | 28 | 22 | 22 | 22 | 23 | 23 | 26 | 27 | 5 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 | 4 | 5 |
| 30-34 år | 47 | 37 | 28 | 29 | 35 | 37 | 35 | 40 | 8 | 7 | 5 | 6 | 7 | 7 | 7 | 7 |
| 35-39 år | 54 | 63 | 62 | 65 | 59 | 54 | 43 | 44 | 10 | 11 | 11 | 11 | 10 | 10 | 10 | 8 |
| 40-44 år | 79 | 71 | 68 | 72 | 66 | 65 | 74 | 72 | 14 | 13 | 12 | 12 | 12 | 12 | 12 | 13 |
| 45-49 år | 92 | 106 | 106 | 107 | 110 | 83 | 75 | 72 | 16 | 19 | 19 | 20 | 15 | 15 | 15 | 13 |
| 50-54 år | 79 | 79 | 80 | 78 | 82 | 99 | 109 | 110 | 14 | 14 | 15 | 15 | 18 | 18 | 18 | 20 |
| 55-59 år | 87 | 88 | 88 | 87 | 85 | 72 | 74 | 75 | 16 | 15 | 16 | 16 | 13 | 13 | 13 | 14 |
| 60-64 år | - | - | - | - | - | 87 | 80 | 73 | - | - | - | - | - | 16 | 16 | 14 |
| Over 65 år | - | - | - | - | - | 24 | 27 | 21 | - | - | - | - | - | 4 | 4 | 4 |
| Over 60 år | 85 | 94 | 90 | 75 | 77 | - | - | - | 15 | 17 | 16 | 14 | 14 | - | - | - |
| **Snittalder** | 47 | 48 | 48 | 48 | 48 | 49 | 49 | 48 | | | | | | | | |

## Stillingsstorleik fast tilsette

| | Antall personar | | | | | | | | Prosentfordeling | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Storleik** | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| > 20 prosent | 20 | 19 | 14 | 16 | 16 | 12 | 7 | 43 | 4 | 3 | 3 | 3 | 3 | 2 | 1 | 8 |
| 20-49 prosent | 62 | 69 | 66 | 54 | 50 | 47 | 49 | 47 | 11 | 12 | 12 | 10 | 9 | 9 | 9 | 9 |
| 50-74 prosent | 142 | 144 | 137 | 136 | 126 | 130 | 130 | 125 | 25 | 25 | 25 | 25 | 23 | 24 | 24 | 23 |
| 75-99 prosent | 101 | 110 | 112 | 114 | 115 | 118 | 124 | 129 | 18 | 19 | 20 | 21 | 21 | 21 | 23 | 24 |
| 100 prosent | 233 | 226 | 222 | 225 | 241 | 243 | 241 | 196 | 42 | 40 | 40 | 41 | 44 | 44 | 44 | 36 |
| **Snitt storleik** | | | | | | | | | 76 | 75 | 77 | 77 | 72 | 80 | 80 | 73 |



*Kvamsfjellet. Foto: Anne Grete Bakkene.*

## Gjennomsnittslønn, stillingsprosent og alder

(K=kvinner, M=menn, T=totalt for gruppa)

| 2019 | | Snitt alder | Stillingsprosent | Snitt løn (i tusen) | Antal tilsette | Andel tilsette av total NFK |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt for Nord-Fron kommune | K | 48 | 66 | 487 | 454 | 84 % |
| | M | 49 | 70 | 542 | 86 | 16 % |
| | T | 49 | 73 | 496 | 540 | 100 % |
| Sektor leiing | K | 52 | 100 | 867 | 1 | |
| | M | 58 | 100 | 989 | 2 | |
| | T | 56 | 100 | 948 | 3 | 1 % |
| Verksemds leiing | K | 45 | 99 | 739 | 9 | |
| | M | 50 | 100 | 788 | 5 | |
| | T | 49 | 99 | 756 | 14 | 3 % |
| Avdelingsleiarar | K | 49 | 92 | 617 | 21 | |
| | M | 48 | 100 | 689 | 4 | |
| | T | 49 | 73 | 628 | 25 | 5 % |
| Pedagogisk personell | K | 47 | 80 | 564 | 64 | |
| | M | 47 | 85 | 544 | 14 | |
| | T | 47 | 81 | 560 | 78 | 14 % |
| Høgskoleutdanna (minimum tre år) | K | 46 | 71 | 522 | 128 | |
| | M | 47 | 82 | 595 | 22 | |
| | T | 46 | 81 | 533 | 150 | 28 % |
| Fagarbeidarar | K | 52 | 81 | 434 | 169 | |
| | M | 52 | 88 | 451 | 27 | |
| | T | 52 | 73 | 436 | 196 | 36 % |
| Ufaglærde | K | 51 | 58 | 397 | 62 | |
| | M | 54 | 47 | 397 | 12 | |
| | T | 52 | 57 | 397 | 74 | 14 % |

# Politisk organisering




I Rep. Skap for Midt-Gudbrandsdalen (MGD) inngår ordningene:

- Renovasjon (MGR)
- Brannvesen (MGB)
- Barnevern (MGBv)
- NAV
- PP-tjenesten
- Flykninger-tjenesten
- Kartsamarbeid
- Ung i Midtdalen
- Frya RA (Renseanlegg)
- Fron kulturskole (NFK-SFK)
- Fron Badeland (NFK-SFK)

# Organisasjonskart Nord-Fron kommune per 1. januar 2020

**Kommunedirektør**
*Arne Sandbu*

## OPPVEKST
*Knut Håvard Meldal*
Sektorsjef

- **STAB OPPVEKST** – *Randi Nordlien*, Avdelingsleder
- **VINSTRA UNGDOMSSKOLE** – *Knut Grøthe*, Rektor/Tjenesteleder
- **VINSTRA UNGDOMSSKOLE OG VOKSE-NOPPLÆRINGEN** – *Hege Bjørkli*, Inspektør/Avdelingsleder
- **KVAM SKOLE** – *Benedicte Lillegård*, Rektor/Tjenesteleder
- **KVAM SKOLE** – *Anette Storbråten*, Inspektør/Avdelingsleder
- **SKÅBU OPPVEKST** – *Ola Sletten*, Rektor/Tjenesteleder
- **SKÅBUOPPVEKST (BARNE-HAGE)** – *Hilde Bøshaugen*, Styrer/Avdelingsleder
- **BARHAUG SKOLE** – *Hanne Bergum*, Rektor/Tjenesteleder
- **BARHAUG SKOLE** – *Bergljot Skaar*, Inspektør/Avdelingsleder
- **SØDORP SKOLE** – *Øyvind H. Berge*, Rektor/Tjenesteleder
- **SØDORP SKOLE** – *Frank Nordberg*, Inspektør/Avdelingsleder
- **RUSTE BARNEHAGE** – *Kari Bragelien*, Styrer/Avdelingsleder
- **TOKSEBAKKEN BARNEHAGE** – *Anne Stakston*, Styrer/Avdelingsleder
- **KVAM BARNEHAGE** – *Gro Sandbu Randen*, Styrer/Avdelingsleder

## HELSE
*Bente J. Skog*
Sektorsjef

- **TILDELINGSKONTORET** – *Elisabeth B. Rudi*, Avdelingsleder
- **PLEIE OG OMSORG** – *Ivaretas av sektorleder*, Tjenesteleder
  - **LANGTIDSAVDELING** – *Veronica Silliløkken*, Avdelingsleder
  - **SUNDTUNET** – *Lill Johansen*, Avdelingsleder
  - **NATTEVAKTSTJENESTEN** – *Torø-Brit Bentdal*, Avdelingsleder
  - **AKTIVITET OG MESTRING** – *Ivaretas av sektorleder*, Avdelingsleder
- **FOREBYGGENDE HELSE** – *Ivaretas av sektorleder*, Tjenesteleder
  - **LEGEKONTORET** – *Runa L. Tagestad*, Avdelingsleder
  - **HELSESTASJON** – *Ann Jorunn Plassen*, Avdelingsleder
  - **RUS OG PSYKISK HELSE** – *Anita Kristoffersen*, Avdelingsleder
  - **FRISKLIVSAVDELINGEN** – *Tine G. Sørensen*, Avdelingsleder
- **STAB HELSE** – *Ivaretas av personalsjef*
  - **KORTTID/REHAB** – *Irene M. Budsberg*, Avdelingsleder
  - **HJEMMESYKEPLEIEN** – *Eli Skjeggestad*, Avdelingsleder
  - **HJEMMEHJELP** – *Ragnhild Sandbu*, Avdelingsleder
  - **KJØKKEN** – *Espen Sætha*, Avdelingsleder
- **NAV** – *Per Morten Nyeng*, Tjenesteleder
  - **UNGDOM OG FREMMEDSPRÅKLIGE** – *Britt Haverstad*, Avdelingsleder
  - **VOKSNE OG SYKE-FRAVÆRSOPPFØLGING** – *Solveig O. Rønn*, Avdelingsleder
- **TJENESTER FOR FUNKSJONSHEMMA** – *Hanne K. Kvamme*, Tjenesteleder
  - **HEIMETJENESTER I** – *Solveig S. Myren*, Avdelingsleder
  - **HEIMETJENESTER II** – *Ann Cathrin Brandvold*, Avdelingsleder
  - **NOA** – *Liv Berge*, Avdelingsleder

## ADMINISTRASJON
*Vakant: ivaretas v Kommunedirektør*
Sektorsjef

- **PERSONAL OG ORGANISASJON** – *Anita W. Heggestuen*, Tjenesteleder
- **TEKNISK** – *Bjørn Bjørke*, Tjenesteleder
  - **DRIFT OG VEDLIKEHOLD** – *Erik Kvernes*, Avdelingsleder
  - **RENHOLD** – *Ingrid A. Ringstad*, Avdelingsleder
  - **PLAN OG TEKNISK** – *Ivaretas av tjenesteleder*, Avdelingsleder
- **ØKONOMI OG INNKJØP** – *Torild Weikle*, Tjenesteleder
- **KULTUR, NÆRING OG IKT** – *Tom Nøvik*, Tjenesteleder
  - **KULTUR OG KOMMUNIKASJON** – *Erik Tøftestuen (fung. for Ingebjørg T. Bergum t.o.m 31.12.20)*, Avdelingsleder
  - **NÆRING OG POLITIKK** – *Egil Tofte*, Avdelingsleder
  - **IKT OG ARKIV** – *Ivaretas av tjenesteleder*, Avdelingsleder

Interkommunale samarbeid, der Nord-Fron kommune er arbeidsgiver: NAV Midt-Gudbrandsdal (Per Morten Nyeng)Fron kulturskole (Jorun Moshagen)Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal (Irene T. Killi)Ung i Midt-dalen (Mari Grasbakken)



Foto: Per Fredriksen

DESIGN OG OMBREKKING: krible.no